



UTLENDINGSNEMNDA
UNE



ÅRSRAPPORT 2024

Innhald

DEL I	Melding frå leiaren	5
DEL II	Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
2.1	Samfunnsoppdrag og mål	6
2.2	Organisasjon	7
2.3	Utvalde hovudtal	8
DEL III	Aktivitetar og resultat i 2024	9
3.1	Generelle tal for verksemda i 2024	9
3.1.1	Innkomne saker	9
3.1.2	Behandla saker	10
3.1.3	Avgjerdsform (VS)	12
3.1.4	Saksbehandlingstider	13
3.1.5	Omgjering av tidlegare vedtak i UDI og UNE	14
3.1.6	Ubehandla saker	16
3.1.7	Rettssaker / rettskraftige dommar	17
3.2	Rapportering i samsvar med tildelingsbrevet for 2024 og verksemdsinstruksen m.m.	19
3.2.1	Verksemdsmål 1 (M1): Klagarar får saka si korrekt behandla utan ugrunna opphald	19
3.2.2	Styringsparameter 1 – saksbehandlingstid for asylklagesaker	20
3.2.3	Styringsparameter 2 – talet på og alderen på ubehandla opphaldsklagesaker	24
3.2.4	Rapporteringspunkt 1 (R1): Prioriteringar og føringar knytte til behandling av saker som vedkjem barn	32
3.2.5	Det beste for barnet som eit grunnleggjande omsyn i behandlinga av asylsaker (R1)	33
3.2.6	Verksemdsmål 2 (M2): Alle som oppheld seg i Noreg, har avklart identitet og lovleg opphald	34
3.2.7	Styringsparameter 3 (SP3) – saksbehandlingstid i utvisingsklagesaker	35
3.2.8	Tilbakekallingssaker (R2)	36
3.2.9	Forbetring og effektivisering av verksemda (R3)	36
3.2.10	Produktivitet (R4)	39
3.2.11	Samarbeid i migrasjonsskjeda	44
3.2.12	Arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk (R5)	46
3.2.13	Tilsetjing av personar med funksjonsnedsetjing (R6)	46
3.2.14	Konsulentbruk (R7)	47
3.2.15	Rapportering etter verksemdsinstruksen for Utlendingsnemnda	48
3.2.16	Mangfald, inkludering og likestilling – rapportering etter utgreiingsplikta	48

3.2.17 Prosedyreeininga i UNE	49
DEL IV Styling og kontroll i verksemda	50
4.1 Overordna vurdering av styling og kontroll i verksemda	50
4.2 Nærare omtale av forhold knytte til styling og kontroll	50
4.2.1 Innføring og bruk av SRS	50
4.2.2 Sikkerheit og personvern	51
4.3 Ressursbruk	52
4.4 Ny langsiktig leigeavtale for kontorlokala til UNE	53
4.5 Riksrevisjonssaker	53
4.6 Anna	53
DEL V Leiaren si vurdering av framtidsutsiktene	54
DEL VI Årsrekneskap	55
6.1 Kommenterar frå leiaren til årsrekneskapen for 2024	55
6.2 Prinsippnote til årsrekneskapen	57
6.3 Oppstilling av løyvings- og artskontorapportering	60
6.4 Verksemdsrekneskap etter SRS	64
DEL VII Vedlegg til UNEs årsrapport for 2024 – statistikkrapportering (jf. punkt 8.1 i tildelingsbrevet)	
.....	76

Tabellar

Tabell 1: Nøkkeltal for årsrekneskapen dei tre siste åra	8
Tabell 2: Talet på behandla saker etter avgjerdsform, og delen av desse der dei tidlegare vedtaka er gjorde om, 2024	15
Tabell 3: Ubehandla saker (inkludert omgjeringsoppmodingar) per 31.12. fordelte etter saksgruppe	16
Tabell 4: Rettssaksarbeid 2018–2024	18
Tabell 5: Utviklinga dei tre siste åra i talet på saker og delen saker som har vore i UNE i over 1 og over 1 ½ år	20
Tabell 6: Utviklinga i gjennomsnittleg saksbehandlingstid i talet på dagar for asylsaker på sakstypenivå dei tre siste åra	21
Tabell 7: Innkomne asylsaker (inkludert omgjeringsoppmodingar) dei tre siste åra	21
Tabell 8: Behandla asylsaker (inkludert omgjeringsoppmodingar) dei tre siste åra	21
Tabell 9: Ubehandla asylsaker (inkludert omgjeringsoppmodingar) per 31.12. dei tre siste åra	21
Tabell 10: Innkomne Dublin UIV-oppmodingar dei fire siste åra	23
Tabell 11: Innkomne opphaldssaker (inkl. omgjeringsoppmodingar) dei tre siste åra	24
Tabell 12: Behandla opphaldssaker (inkl. omgjeringsoppmodingar) dei tre siste åra	24
Tabell 13: Utviklinga i gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dagar for opphaldssaker på saksgruppenivå dei tre siste åra	25
Tabell 14: Ubehandla opphaldssaker (inkl. omgjeringsoppmodingar) per 31.12. dei tre siste åra	25

Tabell 15: Behandla saker 2022–2024	39
Tabell 16: Årsverk 2022–2024 (gjennomsnitt for året)	40
Tabell 17: Behandla saker per årsverk for UNE totalt og for sakseiningar/nemndleiarar 2022–2024 .	40
Tabell 18: Vekting av vedtaka i UNE (vekttal)	40
Tabell 19: Kostnads- og vekttalsproduktivitet 2022–2024.....	41

Figurar

Figur 1: Organisasjonskart for UNE per 31.12.2024.....	7
Figur 2: Innkomne saker 2021–2024 (alle saksgrupper)	10
Figur 3: Innkomne saker i 2024 etter saksgruppe (inkl. omgjeringssoppmodingar)	10
Figur 4: Behandla saker 2021–2024 (alle saksgrupper)	11
Figur 5: Behandla saker i 2024 etter saksgrupper.....	11
Figur 6: Behandla saker i 2024 etter avgjerdsform	12
Figur 7: Saker behandla i nemndmøte i 2024 etter saksgruppe	13
Figur 8: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i 2024 etter saksgruppe	13
Figur 9: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid etter avgjerdsform i 2024	14
Figur 10: Delen av UNE-vedtaka der tidlegare vedtak blei gjorde om i 2024, etter saksgruppe	15
Figur 11: Utfallet av realitetsbehandla asylsaker i 2024 fordelte på dei 5 største nasjonalitetane* ...	16
Figur 12: Gjennomsnittsalderen på dei ubehandla sakene (klager og omgjeringssoppmodingar) fordelte på saksgrupper per 31.12.2024.....	17
Figur 13: Alderen på ubehandla opphaldssaker (inkl. omgjeringssoppm.) per saksgruppe per 31.12 2023 og 31.12.2024	26
Figur 14: Behandla saker i saksgruppa arbeid/opphald i 2024 fordelte på ulike sakstypar	27
Figur 15: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i saksgruppa arbeid/opphald 2024 fordelt på ulike sakstyper	27
Figur 16: Behandla saker i saksgruppa andre saker i 2024 fordelte på ulike sakstypar.....	30
Figur 17: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i saksgruppa andre saker i 2024 fordelt på ulike sakstypar	31
Figur 18: Fordeling av konsulentutgiftene til UNE 2020–2024 etter art.....	47
Figur 19: Fordeling av driftsutgiftene til UNE i 2024 etter art*	52

DEL I Melding frå leiaren

I 2024 valde vi å løfte fram desse tre områda frå verksemdsstrategien vår:

- Vi er ein attraktiv arbeidsplass med endringsvilje og fleksibilitet.
- Vi vektlegg kontinuerleg kompetanseutvikling og forbetring.
- Vi deltek aktivt i kjedesamarbeidet for å levere heilskaplege og effektive tenester.

Vi valde desse tre for å byggje opp under arbeidet med å flytte til nye lokale og ta i bruk eit nytt arbeidsplasskonsept frå 2025 og for å sikre kraft til det vi bidreg med i arbeidet med både Modulf og andre digitale prosessar. Dei tre områda har òg vore grunnlag for å halde fram arbeidet vårt med kontinuerleg forbetring i alle delar av verksemda.

På kjerneområdet har vi i 2024 systematisert og utvida arbeidet med å jobbe i definerte innsatsar i både liten og litt større skala med bruk av felles metodikk og systematiske prosessar på tvers. Vi meiner å sjå at dette arbeidet har gitt positive effektar både på produktivitet og på kompetansedeling.

Behaldninga vår av ubehandla saker auka relativt mykje i 2023 og har halde fram med å auke i 2024. Dette gir lengre saksbehandlingstider sjølv om 2024 var eit godt år saksbehandlingsmessig og vi har hatt ei positiv utvikling i produktiviteten. Talet på innkomne saker har ikkje vore høgare sidan 2018, og om prognosane framover slår til, vil denne trenden halde fram.

Samla sett har vi utnytta budsjetttramma for 2024 godt.

På digitaliseringssida har vi mellom anna fått på plass ei løysing for papirfrie nemndmøte, vi har fått systemstøtte for å gjennomføre forvaltningssamtalar, og vi har utvikla ei ny løysing som gjer det enklare å leggje inn praksissamandrag til den eksterne praksisbasen.

Vi har òg bidrege godt i arbeidet med Modulf både ved å gi ressursar til sentrale funksjonar og ved å delta aktivt i prosessar og programråd. Vi ser fram til å vidareføre det gode samarbeidet med dei andre aktørane for å sikre gode og felles fleksible løysingar.

Året har elles vore prega av interne aktivitetar for å førebu oss på å flytte over i nye lokale med aktivitetsbaserte arbeidsplassar i meir opne areal. Vi samarbeider framleis godt med Statsbygg og interiørarkitektar for å få det fysiske på plass, og vi har jobba godt med både arbeidsmetodikk og kulturperspektiv for å sikre ein best mogleg overgang. Vi skal gjennom ei omstilling, men vi gler oss òg til å komme i gang.

Eg meiner at UNE i 2024 har halde fram med å bidra godt til hovudmåla for migrasjonskjeda, og at vi har levert på dei verksemdsspesifikke måla våre gjennom å gjere korrekte vedtak, bidra til å sikre avklart identitet og behandle fleire saker enn tidlegare år. Slik vi vurderer det, bidreg vi stadig til at samhandlinga i kjeda held fram med å vere god, og til å sikre retur der det er mogleg.

Oslo 28.2.2025



Marianne Jakobsen
direktør

DEL II Introduksjon til verksemda og hovudtal

2.1 Samfunnsoppdrag og mål

Utlendingsnemnda (UNE) er eit domstolsliknande forvaltningsorgan for behandling av klager på avslag som førsteinstansen Utlendingsdirektoratet (UDI) har gitt etter utlendingslova og statsborgarlova.

Samfunnsoppdraget til UNE

- Som klageinstans har UNE i oppgåve å etterprøve vedtak om avslag som er gitt i førsteinstansen, og som nokon har klaga på.
- UNE skal bidra til ei heilskapleg, effektiv, rettssikker, føreseieleg og brukarvennleg utlendingsforvaltning som brukarane har tillit til.
- UNE skal bidra til at vedtaka som blir gjorde, er i tråd med internasjonale konvensjonar og norsk lov, og skal vareta rolla som lovtolkande organ.

UNE ligg administrativt under Justis- og beredskapsdepartementet (JD). UNE fungerer som eit uavhengig forvaltningsorgan når det skal gjerast vedtak i klagesaker.

UNE har meir enn éin måte å gjere vedtak på. Vedtak blir gjorde

- i nemndmøte med personleg frammøte
- i nemndmøte utan personleg frammøte
- av ein nemndleiar etter at saka er førebudd av sekretariatet
- i sekretariatet

Alle saker som inneheld vesentlege tvilsspørsmål som kan bli avgjerande for utfallet, skal avgjerast i nemndmøte. Vedtak i nemndmøte blir gjorde kollegialt av tre personar: éin *nemndleiar* og to *nemndmedlemmer*, som er lekfolk. Det er om lag 300 utnemnde nemndmedlemmer.

Nemndmedlemmene blir utnemnde av JD etter forslag frå statsforvaltarane, Norges Juristforbund, Samfunnsviterne og humanitære organisasjonar. Nemndmedlemmene blir utnemnde for fire år om gongen og kan veljast på nytt éin gong.

UNE er ein del av utlendingsforvaltninga. Arbeidet UNE gjer, verkar direkte inn på arbeidet med retur ved Politiets utlendingseining (PU) og arbeidet med busetjing ved Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi).


I tillegg til behandling av klagesaker frå UDI utgjer behandling av oppmodingar om å gjere om UNE-vedtak og arbeid med dei sakene som går vidare til rettsapparatet, ein stor del av kjernearbeidet til UNE. I 2024 utgjorde oppmodingar om omgjerding 14,4 % av vedtaka UNE gjorde i enkeltsaker.

2.2 Organisasjon

UNE held til i Oslo sentrum og er organisert i ei nemndavdeling med 17 nemndleiarar, ei saksavdeling med sju einingar, og fellesfunksjonar fordelt på tre avdelingar og to stabseiningar: fagavdelinga, avdeling for teknologi og digital utvikling, avdelinga for fellestenester, kommunikasjonseininga og eininga for verksemdsstyring. UNE har òg ei eiga prosedyreeining som etter avtale med Regjeringsadvokaten prosederer ein del av sakene i rettsapparatet.

Per 31.12.2024 hadde UNE i alt 257 fast tilsette og éin lærling. I tillegg kjem UNE-direktøren, som er tilsett på åremål. Gjennom 2024 har UNE hatt 219,5 effektive årsverk når permisjonar, deltid, sjukefråvær og liknande er trekt frå.

Figur 1: Organisasjonskart for UNE per 31.12.2024



2.3 Utvalde hovudtal

Tabell 1: Nøkkeltal for årsrekneskapen dei tre siste åra

Nøkkeltal for årsrekneskapen	2022	2023	2024*
Utførte årsverk	202,6	203,9	219,5
Samla tildeling, post 01–21	285 739 000	306 736 000	312 599 000
Samla utbetaling, post 01–21	271 827 228	294 623 347	300 750 306
Meirforbruk (+) / mindreforbruk (–), post 01–21	–13 911 772	–12 112 653	–11 848 694***
Utnyttingsgrad post 01–21	95,3 %	97,7 %	96,3 %
Driftskostnader	261 605 558	283 280 688	305 245 828
Lønnsdel av driftskostnadene	73,8 %	75,1 %	76,5 %
Lønn og sosiale kostnader per årsverk **	943 356	1 033 463	1 050 695
Konsulentdel av driftsutgifter	6,3 %	5,6 %	3,1, %

*Nøkkeltala for 2024 er berekna etter periodisert verksemdsrekneskap (SRS), mens tala for 2022 og 2023 er berekna etter kontantprinsippet.

**«Lønn og sosiale kostnader» inkluderer lønn, arbeidsgivaravgift, pensjonspremie, refusjonar frå sjuke- og fødselspengar og sosiale utgifter. Honorarutbetalingar til nemndmedlemmer er ikkje inkluderte.

***I beløpet for mindreforbruk for 2024 inngår kompensasjon for lønnsoppgjret for 2024 på ca. 5,2 mill. kroner, jf. at lønnsoppgjret blei forseinka. Lønnstillegga som følgje av oppgjret blei derfor etterbetalt først i februar 2025.

Nøkkeltala i tabellen ovanfor er berekna etter kontantprinsippet for 2022 og 2023, mens dei for 2024 er berekna etter periodiseringsprinsippet – SRS (med unntak av rad 4 og 5, som er etter kontantprinsippet). Årsaka til at vi har valt å gjere det på denne måten er at forseinkingar i lønnsoppgjret for 2024 har gjort at effekten av oppgjret blir etterbetalt i februar 2025. Rekneskapstal for 2024 etter periodiseringsprinsippet er derfor lettare å samanlikne med tala for 2022 og 2023 enn det rekneskapstal etter kontantprinsippet ville vore. 2024 er det første året der UNE har ført rekneskap etter periodiseringsprinsippet i tillegg til kontantprinsippet, som er hovudprinsippet i staten. Det har derfor ikkje vore aktuelt å samanlikne med SRS-tal for 2022 og 2023.

Lønn og sosiale kostnader per årsverk har auka med ca. 17 000 kroner frå 2023 til 2024.

Pensjonskostnaden i 2024 er basert på eit estimat for pensjonspremien berekna av Statens pensjonskasse (SPK), og ikkje faktisk pensjonspremie.

Delen av driftskostnadene som er brukt til konsulentar, har gått ned frå 5,6 % i 2023 til 3,1 % i 2024. Dette kjem først og fremst av lågare aktivitet, mellom anna fordi vi har måtta utsetje enkelte aktivitetar på grunn av mangel på erfarne konsulentar. Vi viser til nærare omtale under punkt 3.2.14 om konsulentbruk.

Kostnadene på post 21 har auka med ca. 6,5 % samanlikna med året før. Størsteparten av auken er knytt til sakskostnader etter forvaltningslova § 36. Dette kjem mellom anna av ein auke i timeprisane til advokatane knytte til desse sakene. Det har vore halde noko færre nemndmøte i 2024 enn i 2023, men gjennomsnittleg kostnad per nemndmøte har vore høgare.

DEL III Aktivitetar og resultat i 2024

3.1 Generelle tal for verksemda i 2024

Vi gjer merksam på at tala for utlendingssaker i denne årsrapporten er refererte på eit konkret tidspunkt. Tala blir påverka av endringar, korrigeringar og etterregistreringar i databasen og vil derfor kunne avvike noko frå tala som er rapporterte frå tidlegare år. Dette gjeld for alle tala i alle kapitla.

I årsrapporten for 2024 har vi gjort ei oppretting i tala for 2023 og 2024 for å korrigere for at vedtak om utreiseplikt, SIS-innmelding o.l. blei registrerte som utlendingssaker i ein periode etter implementeringa av SIS Recast i mars 2023. Det dreier seg om ca. 94 saker i 2023 og 86 saker per utgangen av 2. tertial 2024, jf. tertialrapporten for 2. tertial 2024. Desse sakene har blitt registrerte som oppmodingar om omgjerling, særleg i saksgruppene utvisning og arbeid/opphald. Desse vedtaka har med det påverka den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for omgjeringsoppmodingane i desse saksgruppene, særleg i saksgruppa utvising. Sidan vedtaka har blitt raskt effektuerte, har dei bidrege til lågare gjennomsnittlege saksbehandlingstider. Dei har òg bidrege til ein høgare omgjeringsprosent, ettersom dei er registrerte som omgjerlingar.


I årsrapporten for 2024 er desse sakene trekte ut av statistikken for utlendingssakene både for 2023 og for 2024.

3.1.1 Innkomne saker

UNE fekk inn 7 457 utlendingssaker i 2024, fordelte på 6 564 klagesaker frå UDI og 893 oppmodingar om omgjerling. Dette utgjorde ein auke på 7,2 % i forhold til 2023 og er det høgaste nivået sidan 2018.


Omgjeringsoppmodingar utgjorde 12,0 % av dei innkomne sakene i 2024, mot 12,7 % i 2023 og 17,9 % i 2022.

Figur 2: Innkomne saker 2021–2024 (alle saksgrupper)



Arbeid/opphald¹ utgjorde den største av 7 saksgrupper med 1 829 innkommne saker. Deretter følgde asyl med 1 775, sjå figur 3.

Figur 3: Innkommne saker i 2024 etter saksgruppe (inkl. omgjeringsoppmodingar)




3.1.2 Behandla saker

UNE behandla 6 779 saker i 2024, noko som er 19,0 % meir enn i 2023. Av desse var 5 804 klagesaker, mens 975 var oppmodingar om omgjeriing. Omgjeringsoppmodingar utgjorde dermed 14,4 % av dei behandla sakene, noko som er ein nedgang frå 20,5 % i 2022 og 16,5 % i 2023. I tillegg blei 152 saker lagde bort.


¹ Saksgruppa arbeid/opphald inneheld sakstypar som arbeidssaker, studieløyve, permanent opphaldsløyve, EØS-løyve og sesongarbeidsløyve.

Figur 4: Behandla saker 2021–2024 (alle saksgrupper)



Asylsaker, inkludert Dublin-saker, utgjorde den største saksgruppa av behandla saker med 1 495 saker, opp frå 940 saker i 2023. Arbeid/opphold var den nest største saksgruppa med 1 412 saker. Deretter kom saksgruppa andre saker² med 1 063 saker.

Figur 5: Behandla saker i 2024 etter saksgrupper



² Saksgruppa *andre saker* inneheld sakstypene reisedokument, visum, nekta innreise, asylfornyng og enkelte andre mindre sakstyper.

3.1.3 Avgjerdsform (VS)

Totalt blei 225 saker ferdigstilte etter å ha blitt behandla i eit nemndmøte i 2024, tilsvarande 3,3 % av alle behandla saker.³ I 2022 og 2023 utgjorde saker behandla i eit nemndmøte høvesvis 4,7 % og 4,0 % av alle saker.

Av dei 225 sakene som blei behandla i eit nemndmøte i 2024, blei 173 behandla *med* frammøte av klagaren (77 %), mens 52 var *utan* frammøte (23 %). Ingen saker blei avgjorde i stornemnd i 2024. Det blei heller ikkje halde stornemnd i 2023. I 2022 blei 3 saker avgjorde i stornemnd.

Figur 6: Behandla saker i 2024 etter avgjerdsform




Tilbakekalling utgjorde den største gruppa saker som blei avgjorde i nemndmøte i 2024, med 81 saker. Dette heng saman med at det er obligatorisk nemndmøte med personleg frammøte for klagesaker om tilbakekalling av statsborgarskap. Av dei 81 tilbakekallingssakene som blei avgjorde i eit nemndmøte i 2024, gjaldt 55 saker tilbakekalling av statsborgarskap.

Utvising utgjorde den nest største saksgruppa med 47 saker avgjorde i eit nemndmøte (5,5 % av alle behandla utvisingssaker). Deretter følgde asylsaker (41 saker, tilsvarande 2,7 % av alle behandla asylsaker). Ein stor del av dei behandla asylsakene i 2024 var såkalla Dublin-saker og trygt tredjeland-saker. Desse blir i lita grad behandla i nemndmøte (0,9 % av sakene i 2024). For realitetsbehandla saker var prosentdelen avgjort i nemndmøte 4,6.

³ I nokre nemndmøte behandlar nemnda fleire enn éi sak. I 2024 heldt UNE 129 nemndmøte, som omfatta 192 saker. Tala på saker som har blitt behandla i nemndmøte i løpet av eit år, og tala på formelle avgjerder / vedtak kan avvike noko frå kvarandre. Det er fordi dei formelle vedtaka blir skrivne i etterkant av nemndmøta og det derfor hender at nemndmøte og vedtak blir registrerte i kvart sitt kalenderår.

Figur 7: Saker behandla i nemndmøte i 2024 etter saksgruppe




3.1.4 Saksbehandlingstider

I 2024 var den samla gjennomsnittlege saksbehandlingstida for alle saksgrupper 183 dagar. Tilsvarande tal for 2022 og 2023 var høvesvis 166 og 153 dagar. *Familieinnvandring* og *tilbakekalling* var dei to saksgruppene med lengst gjennomsnittleg saksbehandlingstid, begge med 238 dagar. I den andre enden av skalaen finn vi statsborgarskap og asyl med høvesvis 68 dagar og 131 dagar, jf. figur 8 nedanfor. Tala inkluderer både klagesaker og omgjøringsoppmodingar.

Samanlikna med 2023 gjekk den gjennomsnittlege saksbehandlingstida ned for asylsaker og statsborgarskapsaker, mens ho gjekk opp for dei andre fem saksgruppene.

Figur 8: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i 2024 etter saksgruppe



Totalt hadde saker avgjorde i nemndmøte ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 277 dagar, mot 325 dagar i 2023. Det er liten forskjell i gjennomsnittleg saksbehandlingstid når vi samanliknar nemndmøter med personleg frammøte med nemndmøter utan personleg frammøte (høvesvis 278 dagar og 272 dagar).

Saker avgjorde av ein nemndleiar etter førebuing frå sekretariatet hadde ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 180 dagar, mens det tilsvarende talet for saker der avgjerda blei teken i sekretariatet, var 176 dagar.

Figur 9: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid etter avgjerdsform i 2024




3.1.5 Omgjering av tidlegare vedtak i UDI og UNE

I 2024 gjorde UNE om tidlegare vedtak heilt eller delvis i 833 av dei behandla sakene, tilsvarende 12,3 %. Tilsvarende del i 2023 var 17,0 %. Tala for omgjeringsoppmodingar forklarar mykje av denne forskjellen, med ein prosentvis reduksjon frå 31,8 % i 2023 til 18,8 % i 2024. Tilsvarende prosentdelar for klagesakene var 14,2 i 2023 og 11,2 i 2024.

For asylsakene utgjorde delen omgjorde vedtak 11,2 %. Tilsvarende del i 2023 var 20,6 %. For utvisingssaker utgjorde delen omgjorde vedtak 14,3 % i 2024 og 20,0 % i 2023. I saker om tilbakekalling var tilsvarende del høvesvis 14,9 % i 2024 og 21,1 % i 2023, mens han for familieinnvandringssaker var 20,4 % i 2024 og 18,7 % i 2023.

Ein grunn til den relativt høge omgjeringsprosenten i familieinnvandringssaker, er at sakene òg blir registrerte som omgjorde når dei blir sende tilbake til UDI, til dømes fordi saksbehandlingstida gjer at klagaren no oppfyller det vilkåret søknaden er avslått på. UNE opphevar då vedtaket til UDI, og UDI må vurdere saka på nytt for å avgjere om dei andre vilkåra for opphaldsløyve er oppfylte. Ser vi bort frå desse sakene, var omgjeringsprosenten 14 i 2024.

Figur 10: Delen av UNE-vedtaka der tidlegare vedtak blei gjorde om i 2024, etter saksgruppe




52 % av sakene som blei avgjorde i eit nemndmøte, blei gjorde om. Delen omgjerdingar var noko høgare for saker avgjorde i eit nemndmøte med personleg frammøte (63,5 %) enn for saker avgjorde i eit nemndmøte utan personleg frammøte (48,6 %) Delen omgjerdingar for saker avgjorde av ein nemndleiar var 10,1 %, og for saker avgjorde av sekretariatet var han 29,2 %.

Tabell 2: Talet på behandla saker etter avgjerdsform, og delen av desse der dei tidlegare vedtaka er gjorde om, 2024

Behandla saker etter avgjerdsform 2024	Talet på behandla saker	Delen omgjorde vedtak
Nemndmøte med personleg frammøte	173	48,6 %
Nemndmøte utan personleg frammøte	52	63,5 %
Nemndleiar etter førebuing frå sekretariatet	6 270	10,1 %
I sekretariatet	277	29,2 %

Figuren nedanfor viser utfallet av realitetsbehandla asylsaker for dei fem nasjonalitetane med flest avgjerder i 2024. Iran, som var nasjonaliteten med flest avgjerder (75), hadde ein omgjeringsprosent på 17, etterfølgd av Tyrkia (72) med ein omgjeringsprosent på 1 og Eritrea (65) med ein omgjeringsprosent på 22.

Figur 11: Utfallet av realitetsbehandla asylsaker i 2024 fordelt på dei 5 største nasjonalitetane*



*Lys farge viser talet på heilt eller delvis omgjorde saker, mens mørk farge viser talet på saker som ikkje blei gjorde om.

3.1.6 Ubehandla saker

Talet på saker

Talet på ubehandla saker auka i sum med 550 saker frå 31.12.2023 til 31.12.2024 og enda på 4 088 saker. Auken utgjer 15 %. Saksgruppene asyl, arbeid/opphald og utvising har hatt ein auke i talet på ubehandla saker gjennom 2024. Saksgruppene familieinnvandring, tilbakekalling, statsborgarskap og andre saker har hatt ein reduksjon.

Det er arbeid/opphald som har auka mest i absolutte tal (345 saker), mens saksgruppa «andre saker» har hatt den største reduksjonen (81 saker).


Tabell 3: Ubehandla saker (inkludert omgjeringsoppmodingar) per 31.12. fordelt etter saksgruppe

	31.12.2022	31.12.2023	31.12.2024
Asyl	367	483	743
Andre saker	397	637	558
Arbeid/opphald	585	894	1 237
Familieinnvandring	322	667	653
Statsborgarskap	108	112	93
Tilbakekalling	239	304	274
Utvising	376	443	529
SUM	2 394	3 541	4 088

Alderen på dei ubehandla sakene

Per 31.12.2023 var gjennomsnittsalderen på den samla behaldninga av ubehandla var 154 dagar. Gjennom året auka han til 166 dagar per 31.12.2024. Det er saksgruppene arbeid/opphald og familieinnvandring som har den høgaste gjennomsnittsalderen, med høvesvis 189 dagar og 173 dagar.

Figur 12: Gjennomsnittsalderen på dei ubehandla sakene (klager og omgjeringsoppmodingar) fordelte på saksgrupper per 31.12.2024



3.1.7 Rettssaker / rettskraftige dommar

Når UNE opprettheld eit avslag frå UDI, er det eit endeleg vedtak etter forvaltningslova. Det er då mogleg å saksøkje staten ved UNE med påstand om at domstolen skal kjenne UNE-vedtaket ugyldig. Avhengig av sakstype og søksmålsgrunnlag kan domstolen kjenne eit vedtak ugyldig på grunn av mellom anna saksbehandlingsfeil, feil bevisvurdering, feil bruk av lova eller at vedtaket er grovt urimeleg eller uforholdsmessig.

Motivet for ein eventuell anke frå staten kan vere knytt til kva utfallet har å seie for seinare saker. Når det gjeld anke frå tingretten til lagmannsretten, kan det òg vere at UNE ankar dersom vi er usamde i dei faktiske eller rettslege vurderingane til retten i den konkrete saka. UNE ankar derfor ikkje først og fremst på grunn av utfallet, men på grunn av premissane.

Staten ved UNE blei i 2024 stemna i 65 saker og fekk krav om mellombels åtgjerd i 16 saker. Staten ved UNE fekk 32 rettskraftige dommar i 2024 (både tingretten, lagmannsretten og Høgsterett). Av desse dommane fekk staten medhald i 28 (87,5 %) og saksøkjaren i 4 (12,5 %). Tilsvarende tal for 2023 var 35 rettskraftige dommar, der staten fekk medhald i 23 (66 %) og saksøkjaren i 12 dommar (34 %).

Tabell 4 viser talet på hovudforhandlingar og dagar i retten for åra 2018–2024.⁴ I 2024 var UNE 164 dagar i retten, mot 150 i 2023. Det gjennomsnittlege talet på dagar i retten per sak var 2,0 i 2024, mens det var 2,3 dagar i 2023.

Tabell 4: Rettssaksarbeid 2018–2024

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Talet på hovudforhandlingar	143	150	121	102	68	64	82
Talet på dagar i retten	331	360	261	224	155	150	164

⁴ Tala baserer seg på manuelle registreringar og kan vere noko lågare enn dei reelle.

3.2 Rapportering i samsvar med tildelingsbrevet for 2024 og verksemdsinstruksen m.m.

3.2.1 Verksemdsmål 1 (M1): Klagarar får saka si korrekt behandla utan ugrunna opphald

Beskriving: UNE skal gi en kort vurdering av antatt effekt virksomhetens aktiviteter og resultater har hatt på målet, herunder hvordan UNE jobber for å sikre riktig kvalitet i sin saksbehandling.

UNE har i 2024 oppretthalde dei høge kvalitetskrava vi stiller for å sikre ei korrekt og rettssikker behandling av alle saker. Vi legg vekt på å ha svært kompetente medarbeidarar og gode rammer som støttar opp under kvaliteten i saksbehandlinga. For å sikre at vi oppfyller krava til internkontroll ved saksavviklinga, har vi etablert system og rutinar som skal sikre rett kvalitet i kjernesaksbehandlinga i UNE. Vi arbeider for å oppnå rett kvalitet ut frå kva den enkelte saka krev. Under punkt 4.1 konkretiserer vi nærare korleis vi sikrar nødvendig kvalitet.

Når det gjeld saksbehandlingstider, gjekk den gjennomsnittlege behandlingstida for ferdigbehandla saker samla sett opp frå 153 dagar i 2023 til 183 dagar i 2024. Den totale behaldninga auka i 2023 med ca. 1 150 saker og var ved utgangen av 2023 på ca. 3 540 saker. Dette er den viktigaste årsaka til at gjennomsnittleg saksbehandlingstid for alle utlendingssaker uavhengig av sakstype og avgjerdsform auka frå 2023 til 2024. Behaldninga auka med ca. 550 saker gjennom 2024, slik at vi hadde nærare 4 100 saker ved utgangen av 2024. Om alt anna held seg likt, vil saksbehandlingstidene halde fram med å auke framover.

Arbeidet vi har gjort i 2024, har likevel bidrege til å halde saksbehandlingstidene nede. Vi auka saksavviklinga vår med nesten 1 100 saker (19 %) samanlikna med 2023. Grunnen til dette er både at vi greidde å auke saksbehandlingsskapasiteten i 2024 innanfor budsjetttrammene, og at produktiviteten i talet på saker målt per årsverk var høgare. Vi viser til nærare omtale av produktivitetsutviklinga under punkt 3.2.15.

Som nemnt auka behaldninga med ca. 550 saker gjennom 2024. Vi kan i denne samanhengen nemne at berekningsgruppa for utlendingsforvaltninga (BGU) så seint som i mars 2024 kom med ein prognose om totalt 5 300 innkomne klagesaker frå UDI. Det faktiske talet på innkomne klagesaker blei derimot nærare 6 600, altså om lag 1 300 over mars-prognosen. Om mars-prognosen hadde treft, ville UNE truleg klar å redusere behaldninga vesentleg i 2024. I staden fekk vi altså ein behaldningsauke.

Gamle saker i behaldninga

Med ei aukande behaldning relativt til saksbehandlingsskapasiteten vår vil gjennomsnittsalderen på sakene vi har til behandling, auke så lenge alt anna er likt. Risikoen vil derfor vere stor for at dei eldste sakene i behaldninga blir endå fleire og endå eldre. I 2024 har vi derfor jobba aktivt for å redusere bunken med dei eldste sakene i behaldninga. Som følgje av dette har talet på saker med ein alder over 18 månader gått frå 106 ved inngangen av året til 73 ved utgangen av året. Av dei 73 sakene som var over 18 månader gamle per 31.12.2024, var 20 kategoriserte som utvisingssaker, 16 som tilbakekallingssaker og 13 som beskyttelses-/asylsaker.

Talet på saker som er mellom 12 og 18 månader gamle, har gått noko opp, frå 154 til 188 saker.

Tabell 5: Utviklinga dei tre siste åra i talet på saker og delen saker som har vore i UNE i over 1 og over 1 ½ år

År/dato	31.12.2022	31.12.2023	31.12.2024
Totalbeholdning	2394	3541	4110
Hvorav over 18 mnd	133	106	73
Andel over 18 mnd	5,6 %	3,0 %	1,8 %
Hvorav 12-18 mnd	133	154	188
Andel 12-18 mnd	5,6 %	4,3 %	4,6 %

UNE har heller ikkje i 2024 systematisk prioritert å behandle dei eldste sakene først innanfor kvar portefølje. Målet er å behandle ein viss del av sakene før dei blir meir kompliserte og ressurskrevjande å behandle på grunn av alder, og samtidig behandle tilstrekkeleg mange gamle saker. Denne balansegangen er utfordrande, men viktig å få til for å sikre at vi jobbar kostnadseffektivt. Utan ei slik tilnærming vil den samla behaldninga og saksbehandlingstida over tid bli endå høgare.

3.2.2 Styringsparameter 1 – saksbehandlingstid for asylklagesaker

Beskriving i tildelingsbrevet:

Saksbehandlingstid i asylsaker er en vesentlig indikator på måloppnåelse knyttet til målet om at klagere skal få saken behandlet «uten ugrunnet opphold».

Kort saksbehandlingstid legger grunnlag for rask retur av personer uten beskyttelsesbehov, noe som fører til at det blir mindre attraktivt for personer uten beskyttelsesbehov å søke asyl i Norge. Asylsøkere som etter kort tid får omgjort sitt vedtak av UNE kommer også raskere inn i et integreringsløp, herunder mulighet til raskere å komme i gang med utdanning/arbeid. Kort saksbehandlingstid kan videre gi reduserte utgifter til mottak, forutsatt at vedtakene blir effektivert (retur/bosetting).

Til årsrapporten ber departementet om at UNE redegjør for status og utvikling i porteføljen av alle asylklagesaker, herunder problemstillinger knyttet til saksbehandlingstider, omfang av og alder på ubehandlede saker, prioriteringer innenfor saksporteføljen, samt gjør en helhetlig vurdering av måloppnåelsen.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for asylklagesaker var 110 dagar i 2024, ned frå 124 dagar i 2023. UNE fekk inn og behandla mange Dublin-saker i tredje tertial, noko som gjorde at saksbehandlingstida gjekk frå 129 dagar i snitt for dei to første tertiala til 90 dagar i tredje tertial.

For realitetsbehandla klagesaker har saksbehandlingstida vore om lag den same i 2024 som i 2023 (ned frå 183 dagar i 2023 til 180 dagar i 2024). Likevel har behaldninga gjennom året meir enn dobla seg, frå 221 saker per 31.12.2023 til 448 saker per 31.12.2024. Dette tilseier lengre saksbehandlingstider framover.

Når det gjeld Dublin-klagesaker, har saksbehandlingstida gått ned frå 75 dagar i 2023 til 51 dagar i 2024. Behaldninga har samtidig halde seg på om lag same nivå gjennom året (frå 76 saker ved inngangen av året til 80 saker ved utgangen av året). Gjennomsnittsalderen på behaldninga var 99

dagrar ved slutten av året, ned frå 124 dagar ved starten. Her er det likevel viktig å vere klar over at ein svært ujamn saksinngang har påverka gjennomsnittsalderen per 31.12.2024 sterkt. Heile 56 % av dei 609 Dublin-klagesakene vi fekk inn i 2024, kom i det siste kvartalet.

Når det gjeld klager i trygt tredjeland-saker, har saksbehandlinga tatt lengre tid i 2024 enn i 2023 (148 mot 112 dagar), men saksbehandlinga har likevel gått raskare i 2024 enn ho gjorde i 2022.

Tabell 6: Utviklinga i gjennomsnittleg saksbehandlingstid i talet på dagar for asylsaker på sakstypenivå dei tre siste åra

Sakstype	2022	2023	2024
Asylklagesaker realitet	173	183	180
Asylklagesaker Dublin	86	75	51
Asylklagesaker trygt tredjeland	199	112	148
Alle asylklagesaker	149	124	110
Alle asylsaker –omgjeringsoppmoding	223	279	211
Alle asylsaker – klage + omgjeringsoppmoding	189	178	132

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for asylsaker samla var 132 dagar i 2024, ned frå 177 dagar i 2023. For klagesaker var ho 110 dagar, mens ho for omgjeringsoppmodingar var 211 dagar, jf. tabell 6 ovanfor.

Tabell 7: Innkomne asylsaker (inkludert omgjeringsoppmodingar) dei tre siste åra

Sakstype	2022	2023	2024
Asylsaker realitet	560	614	910
Asylsaker Dublin	128	361	635
Asylsaker trygt tredjeland	43	88	230
Sum asylsaker	731	1 063	1 775

Tabell 8: Behandla asylsaker (inkludert omgjeringsoppmodingar) dei tre siste åra

Sakstype	2022	2023	2024
Asylsaker realitet	652	574	737
Asylsaker Dublin	134	300	628
Asylsaker trygt tredjeland	60	65	130
Sum asylsaker	846	939	1 495

Tabell 9: Ubehandla asylsaker (inkludert omgjeringsoppmodingar) per 31.12. dei tre siste åra

Sakstype	31.12.2022	31.12.2023	31.12.2024
Asylsaker realitet	336	373	531
Asylsaker Dublin	21	78	84
Asylsaker trygt tredjeland	10	33	128
Sum asylsaker	367	484	743

Nærare om realitetsbehandla saker

I 2024 fekk vi inn 910 saker til realitetsbehandling. Talet inkluderer omgjeringsoppmodingar. Vi behandla 737 saker. I tillegg la vi bort 14 saker, slik at talet på ubehandla saker auka frå 373 per

31.12.2023 til 531 per 31.12.2024. Samtidig gjekk gjennomsnittsalderen på denne behaldninga ned frå 193 til 150 dagar gjennom året.

Av dei 738 asylsakene som UNE realitetsbehandla i 2024, utgjorde klagesakene 59 % (437 saker), mens 41 % var omgjeringssoppmodingar. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for klagesakene var 180 dagar, mot 183 dagar i 2023. Det var 3,9 % av desse sakene som blei behandla i nemndmøte i 2024.

Dei tre landporteføljane med flest realitetsbehandla klagesaker i 2024 var Tyrkia (54), Eritrea (36) og Syria (33).

I 2024 fekk vi inn 232 oppmodingar om omgjering av realitetsbehandla asylsaker, mens vi behandla 301. Dermed fekk vi redusert behaldninga med ca. 70 saker. 5,6 % av sakene blei behandla i nemndmøte. Landporteføljane med flest behandla omgjeringssoppmodingar i realitetssaker var Iran (66), Etiopia (43) og saker med statslause (42).

UNE vedtok i oktober 2023 å mellombels suspendere utreiseplikta i inntil seks månader for personar med endeleg vedtak som inneber retur til Gaza. Suspensjonen har seinare blitt forlengd, og gjeld for tida fram til 18.03.2025. I 2024 behandla UNE 20 beskyttelsessaker der klagaren opplyste å komme frå Gaza. Alle sakene var baserte på omgjeringssoppmodingar; det var altså ingen klagesaker. Tre av sakene blei avslått, ettersom UNE ikkje la til grunn at klagarane skulle returnere til Gaza. UNE innvilga beskyttelse i dei 17 andre sakene.

Nærare om saker behandla etter Dublin-regelverket

Saker vi behandlar etter Dublin-regelverket, karakteriserer vi som *ikkje-realitetsbehandla saker*. Vi har fått inn stadig fleire klagesaker av denne typen dei siste par åra. I 2024 fekk UNE inn 613 Dublin-klagesaker frå UDI, mot 119 i 2022 og 354 i 2023. Samtidig behandla vi 609 saker i 2024, slik at talet på ubehandla saker auka frå 77 ved inngangen av året til 84 ved utgangen.

Til liks med 2023 har 2024 vore kjenneteikna av ein ujamn inngang i Dublin-klagesakene – heile 45 % av sakene kom i oktober åleine. Ein slik ujamn saksinngang kan gjere det vanskeleg å oppretthalde god saksflyt, planlegging og fleksibilitet i UNE. Men at vi kom til å få inn mange saker i oktober, var noko UDI hadde varsla om på førehand i samband med eit prosjekt dei hadde for å redusere etterslep på gamle Dublin-klagesaker. UNE var derfor førebudd og i stand til å behandle sakene relativt raskt.

Dei tre største returlanda for behandla Dublin-saker med utsett iverksetjing i 2024 var Polen (140), Tyskland (105) og Kroatia (70).

Nærare om korleis vi behandlar oppmodingar om utsett iverksetjing i Dublin-saker

Det er eit krav etter Dublin III-forordninga, som kom i 2013, at to uavhengige instansar har vurdert ei Dublin-sak før personen det gjeld, kan uttransporterast til ansvarslandet. Politiets utlendingseining kan derfor ikkje uttransportere før UNE har teke stilling til spørsmålet om utsett iverksetjing.⁵ Fordi det er mykje kortare kravfrist enn klagefrist i samband med desse sakene, skjer dette i ein todelt prosess. Først blir UNE beden om å ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetjing mens saka framleis

⁵ Det følgjer av utlendingslova § 90 tredje ledd siste setning at vedtak frå Utlendingsdirektoratet ikkje kan setjast i verk «før Utlendingsnemnda har tatt stilling til begjæringen om utsatt iverksetting eller behandlet klagen på vedtaket».

er til behandling i UDI. Deretter blir sjølv klagesaka send over til UNE når ho er ferdigbehandla av UDI, så sant UDI opprettheld det tidlegare vedtaket sitt. Det er med andre ord avgjerande for flyten i utlendingskjeda at UNE tek ei rask avgjerd om utsett iverksetjing, ettersom det legg til rette for rask retur og effektivitet i heile kjeda. For at asylkjeda skal nå målet om rask retur av personar utan grunnlag for lovleg opphald, prioriterer derfor UNE å ta raskt stilling til spørsmålet om utsett iverksetjing (UIV).

Den todelte prosessen inneber at ein stor del av arbeidet for vår del blir gjort i samband med vurderinga av UIV i desse sakene, og at vi kan basere oss på dette arbeidet når (og dersom) vi får sjølv klagesaka frå UDI. Men kor stor nytte vi kan gjere oss av arbeidet, avheng av kor lang tid det tek før vi får klagesaka frå UDI. Om det tek lang tid frå vi har gjort UIV-vurderinga, til vi får sjølv klagesaka, kan det ha oppstått endringar i saka som gjer at vi ikkje lenger kan byggje direkte på UIV-vurderinga vår. I slike tilfelle blir klagesakene meir ressurskrevjande å behandle for oss i UNE. Også i 2024 har det for mange av klagesakene vi har fått, gått lang tid frå vi behandla UIV-opppmodingane knytte til sakene.

I 2024 fekk vi 572 *krav* frå UDI om å vurdere utsett iverksetjing i samband med klager på Dublin-vedtak, mens vi altså fekk 637 *klagesaker*. UNE behandla til saman 613 UIV-krav frå UDI i 2024.

Tabell 10: Innkomne Dublin UIV-opppmodingar dei fire siste åra

Sakstype	2021	2022	2023	2024
Innkomne Dublin UIV-opppmodingar	101	369	583	572
Behandla Dublin UIV-opppmodingar	115	362	526	613

Nærare om trygt tredjeland-saker

Saker som vi kategoriserer som trygt tredjeland-saker, høyrer òg inn under kategorien *ikkje-realitetsbehandla saker*. Dette er saker som er avslått etter utlendingslova § 32 første ledd bokstav a eller bokstav d. Talet på innkomne klagesaker i 2024 var 226, opp frå 87 saker i 2023. Saker med personar som fekk innvilga beskyttelse i Hellas, var den største sakstypen, med rundt 170 saker. Nest største sakstype var saker med ukrainarar som kom til Noreg etter å ha hatt opphald i eit anna europeisk land tidlegare.

UNE behandla 129 trygt tredjeland-klagesaker i 2024. Vi la bort fire saker. I tillegg fekk vi inn tre omgjeringsoppmodingar og behandla éi av desse. Behaldninga auka då frå 33 saker per 31.12.2023 til 128 saker per 31.12.2024, mens gjennomsnittsalderen på desse sakene auka frå 100 til 109 dagar.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for klagesakene var 148 dagar, mot 112 dagar i 2023. Ei årsak til at saksbehandlingstida auka frå 2023 var at det var ein del juridiske spørsmål som måtte avklarast i dei cirka 40 Ukraina-sakene, og at dette tok tid. Med unntak av éi sak blei alle desse sakene til slutt gjorde om.

3,9 % av sakene blei behandla i nemndmøte. I 33 % av sakene blei tidlegare vedtak gjorde om. Ein stor del av desse sakene gjaldt ukrainske borgarar som hadde vore innom eit anna europeisk land tidlegare.

3.2.3 Styringsparameter 2 – talet på og alderen på ubehandla oppholdsklagesaker

Beskriving i tildelingsbrevet: UNE skal redegjøre for status og utvikling i porteføljene av oppholdssaker samlet, samt fordelt på ulike delporteføljer (inkludert utvisnings- og tilbakekallsaker). Det skal legges vekt på saksbehandlingstid, omfang og alder på ubehandlede saker, samt prioriteringer og utfordringer innenfor saksporteføljene.

Oppholdssaker samla

Omgrepet oppholdssaker rommar alle saker som UNE ikkje kategoriserer som asylsaker. I 2024 fekk vi inn 5 680 saker i denne kategorien. Av desse var 5 047 klagesaker (89 %) og 633 omgjeringssoppmodingar. Talet på behandla oppholdssaker var 5 281, og av desse var 4 631 klagesaker (88 %) og 650 omgjeringssoppmodingar. I tillegg la vi bort 133 oppholdssaker. Behaldninga vår av oppholdssaker auka dermed med 309 saker, frå 3 056 til 3 365. Gjennomsnittsalderen på klagesakene auka frå 143 til 169 dagar frå inngangen til utgangen av året. Tabell 11–14 nedanfor viser talet på innkomne, behandla og ubehandla oppholdssaker dei tre siste åra og dessutan utviklinga i saksbehandlingstider.

Tabell 11: Innkomne oppholdssaker (inkl. omgjeringssoppmodingar) dei tre siste åra

Sakstype	2022	2023	2024
Arbeid/oppald	1 464	1 922	1 829
Familieinnvandring	561	1 143	917
Statsborgarskap	734	506	513
Tilbakekalling	373	466	476
Utvising	808	883	946
Andre saker	668	970	997
Sum oppholdssaker	4 611	5 892	5 682

Tabell 12: Behandla oppholdssaker (inkl. omgjeringssoppmodingar) dei tre siste åra

Sakstype	2022	2023	2024
Arbeid/oppald	1 342	1 568	1 413
Familieinnvandring	525	780	908
Statsborgarskap	954	500	532
Tilbakekalling	428	387	511
Utvising	811	801	857
Andre saker	586	721	1 060
Sum oppholdssaker	4 649	4 758	5 281

Tabell 13: Utviklinga i gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dagar for opphaldssaker på saksgruppenivå dei tre siste åra

Saksgruppe (opphald)	2022	2023	2024
Arbeid/opphald klage	135	111	206
Familieinnvandring klage	164	177	260
Statsborgarskap klage	108	85	69
Tilbakekalling klage	292	251	269
Utvising klage	170	159	196
Andre klagesaker	225	210	216
Alle opphaldssaker klage	163	152	208
Alle opphaldssaker – omgjeringsoppmoding	153	115	124
Alle opphaldssaker – klage + omgjeringsoppmoding	161	148	197

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida gjekk opp frå 2023 til 2024. Det gjeld både klagesaker og omgjeringsoppmodingar, slik tabell 13 viser. For klagesaker auka behandlingstida frå 152 dagar i 2023 til 208 dagar i 2024. For omgjeringsoppmodingar auka ho frå 117 til 124. Samla sett gjekk gjennomsnittet opp frå 148 dagar i 2023 til 197 dagar i 2024.

For klagesakene var det tilbakekallingssakene som hadde den lengste gjennomsnittlege saksbehandlingstida av dei seks saksgruppene – med 269 dagar. Deretter kom familieinnvandring med 260 dagar.


Det er likevel for saker i gruppa arbeid/opphald at den gjennomsnittlege saksbehandlingstida har auka mest frå 2023 – med 95 dagar. Deretter følgjer familieinnvandring, som har auka med 83 dagar. Den relativt store auken for desse to saksgruppene kjem av at UNE i 2023 og 2024 har prioritert å bremse auken i saksbehandlingstida på andre porteføljar. Det er fordi vi ikkje har hatt kapasitet nok til å behandle auken i talet på innkomne saker totalt sett. I 2024 har mellom anna tilbakekallingssakene vore ein portefølje vi har prioritert for å få betre kontroll på behaldninga og saksbehandlingstidene. Denne saksgruppa hadde klart lengst gjennomsnittleg saksbehandlingstid av saksgruppene i 2022 og 2023, med høvesvis 292 og 251 dagar. I 2024 har saksbehandlingstida auka med 18 dagar samanlikna med 2023. Likevel har vi klart å redusere behaldninga noko i løpet av 2024. Det kan bidra til å forhindre at saksbehandlingstida aukar endå meir i 2025.

Tabell 14: Ubehandla opphaldssaker (inkl. omgjeringsoppmodingar) per 31.12. dei tre siste åra

Sakstype	31.12.2022	31.12.2023	31.12.2024
Arbeid/opphald	584	89	1 237
Familieinnvandring	322	667	653
Statsborgarskap	108	112	93
Tilbakekalling	239	304	274
Utvising	373	444	529
Andre saker	401	636	560
Sum opphaldssaker	2 027	3 056	3 346

Den samla behaldninga vår av opphaldssaker auka som nemnt med ca. 290 saker, og var per 31.12.2024 på 3 346 saker, slik tabell 14 viser. Gjennomsnittsalderen på denne behaldninga gjekk opp frå 151 dagar per 31.12.2023 til 172 dagar per 31.12.2024. Ved utgangen av 2024 var det arbeid/oppbald som hadde høgast gjennomsnittsalder blant saksgruppene – med 189 dagar, sjå figur 13 nedanfor. Det at behaldninga har blitt både større og eldre, tilseier at vi vil få lengre gjennomsnittlege saksbehandlingstider framover enn det vi har hatt i 2024.

Figur 13: Alderen på ubehandla opphaldssaker (inkl. omgjeringsoppm.) per saksgruppe per 31.12.2023 og 31.12.2024




Arbeid/oppbald

Til denne saksgruppa høyrer mellom anna arbeidssaker, studieløyve, permanent oppbaldsløyve, EØS-løyve og sesongarbeidsløyve. I 2024 fekk UNE inn 1 829 saker i denne saksgruppa. 1 729 av dei var klagesaker (95 %), mens 100 var omgjeringsoppmodingar.

Vi behandla til saman 1 413 saker i 2024, av desse 1 310 klagesaker (93 %) og 103 omgjeringsoppmodingar. I tillegg la vi bort 71 saker. Det var arbeidssaker vi behandla flest av (475). Deretter følgde permanent oppbaldsløyve (277) og sesongarbeidsløyve, sjå figur 14 nedanfor.


Figur 14: Behandla saker i saksgruppa arbeid/opphald i 2024 fordelt på ulike sakstypar



Behaldninga auka med 344 saker, frå 893 per 31.12.2023 til 1 237 per 31.12.2024. I gjennomsnitt har alderen på dei ubehandla sakene gått opp frå 121 dagar per 31.12.2023 til 189 dagar per 31.12.2024.

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida samla for klager og omgjeringsoppmodingar gjekk opp frå 108 dagar i 2023 til 196 dagar i 2024. For klagesakene var saksbehandlingstida på 206 dagar, mens ho for omgjeringsoppmodingane var 71 dagar. EØS-løyve hadde den lengste saksbehandlingstida av dei ulike sakstypene, med 409 dagar. I motsett ende av skalaen finn vi sesongarbeidsløyve med 14 dagar og studieløyve med 61 dagar. At saksbehandlingstidene har gått opp, kjem av at denne saksgruppa generelt har blitt noko lågare prioritert i 2023 og 2024 i forhold til andre saksgrupper. Kombinasjonen av større behaldning og høgare gjennomsnittleg alder har gitt lengre saksbehandlingstider i 2024 og vil òg medverke til lengre saksbehandlingstider framover.

Figur 15: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i saksgruppa arbeid/opphald 2024 fordelt på ulike sakstyper



139 saker blei heilt eller delvis omgjorde, noko som utgjer 9,8 % av sakene. 0,6 % av sakene blei behandla i nemndmøte.

Utvising

I 2024 fekk UNE inn 947 utvisingssaker, og av desse var 748 (79 %) klagesaker og 198 (21 %) omgjeringssoppmodingar. Vi behandla 857 saker – 653 (76 %) klagesaker og 204 omgjeringssoppmodingar. I tillegg la vi bort 9 saker. Talet på ubehandla saker auka dermed med 88, frå 441 til 529. Gjennomsnittsalderen på porteføljen som er igjen, gjekk ned frå 208 dagar til 169 dagar.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 196 dagar, opp frå 152 dagar i 2023. For klagesakene gjekk saksbehandlingstida opp frå 160 dagar i 2023 til 195 dagar i 2024, mens tilsvarande tal for omgjeringssoppmodingane var høvesvis 119 og 199 dagar.

Totalt blei 123 utvisingssaker heilt eller delvis gjorde om, noko som utgjer 14,4 % av sakene. 5,5 % av sakene blei behandla i nemndmøte.

Vi viser elles til omtale under punkt 3.2.7, der vi gjer greie for styringsparameter for utvisingsklagesaker.

Familieinnvandring

I 2024 fekk UNE inn 917 familieinnvandringssaker, mot 1 143 i 2023. Av dei innkomne sakene var 825 klagesaker (90 %) og 92 omgjeringssoppmodingar (10 %).

Samla sett har vi behandla 908 familieinnvandringssaker i 2024, mot 780 i 2023. Av desse 908 sakene var 801 (88 %) klagesaker og 107 omgjeringssoppmodingar. I tillegg la vi bort 23 saker. Alt i alt har vi redusert behaldninga frå 667 saker til 653 saker gjennom 2024.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var på 238 dagar for klagesaker og omgjeringssoppmodingar samla, opp frå 171 dagar i 2023. For klagesaker var behandlingstida på 260 dagar, opp frå 177 dagar i 2023. For omgjeringssoppmodingar var ho på 74 dagar, mot 131 dagar i 2023. Den store auken vi hadde i behaldninga av familieinnvandringssaker gjennom 2023, har medført at saksbehandlingstidene har gått mykje opp i 2024.

Talet på omgjorde saker i 2024 var 187, noko som gir ein omgjeringssprosent på 21. Nokre omgjeringar kjem av at vilkåret UDI av slo på, blei innfridd før vi behandla klaga. Dermed returnerte vi saka for at UDI skulle ta stilling til andre vilkår, sjå omtale under punkt 3.1.3.

2,2 % av sakene blei behandla i eit nemndmøte.

Tilbakekalling

I 2024 fekk UNE inn 476 saker om tilbakekalling, mot 474 i 2023. Av desse var 379 klagesaker (80 %), mens 97 var omgjeringsoppmodingar. Vi behandla 511 saker i 2024. Det var fleire enn i 2023, då vi behandla 393 saker.

Av dei 511 sakene vi behandla i 2024, var 421 klagesaker (82 %). Inkludert 11 saker som vi la bort, fekk vi redusert behaldninga med 33 saker, slik at ho var på 274 saker per 31.12.2024. Også gjennomsnittsalderen på behaldninga blei redusert gjennom året, frå 201 til 172 dagar.

Omgjeringsprosenten var på 14,9 (76 saker). 16,2 % av sakene blei behandla i nemndmøte, mot 22,9 % av sakene i 2023.

Ei utfordring i denne porteføljen er at mange saker er komplekse. Dei har ofte ein lang sakshistorikk med mykje dokumentasjon, dei har gjerne fleire tilknytte saker, og dei omfattar ofte fleire familiemedlemmer. Dermed er det ofte fleire ulike vurderingstema i sakene, noko som gjer dei tidkrevjande.

Saker om tilbakekalling etter utlendingslova § 63

Av dei totalt 476 sakene UNE fekk inn i 2024, var 350 saker om tilbakekalling etter utlendingslova § 63. Av desse var 274 klagesaker og 76 omgjeringsoppmodingar. I same periode ferdigbehandla vi 408 slike saker – 336 klagesaker og 72 omgjeringsoppmodingar. Dermed fekk vi redusert behaldninga av denne sakstypen gjennom 2024. Per 31.12.2023 var behaldninga på 259 saker, og gjennomsnittsalderen på sakene var 204 dagar. Per 31.12.2024 var behaldninga redusert til 199 saker, og då var sakene i gjennomsnitt 184 dagar gamle.

Av dei 408 sakene vi behandla i 2024, blei 24 saker avgjorde i eit nemndmøte, noko som utgjer 5,9 % av sakene. Vidare blei 46 saker, det vil seie 12,5 %, gjorde heilt eller delvis om. Ti av desse sakene blei gjorde om etter omgjeringsoppmodingar.

Over halvparten av dei behandla sakene gjaldt feilaktige opplysningar, og om lag ein tredel gjaldt feilaktig eller fortagd identitet. Nærare halvparten av sakene hadde fleire tilknytte saker som skulle behandlast samtidig. Av dei 408 ferdigbehandla sakene hadde 186 ei utvisingssak i tillegg.

I 18 saker innvilga UNE nytt opphaldsløyve i samband med tilbakekallingssaka. Dei fleste fekk løyve etter utlendingslova § 38, og somme fekk beskyttelse etter utlendingslova § 28. I over 100 saker hadde klagaren fått eit nytt mellombels opphaldsløyve av UDI då UNE fekk klagesaka til behandling. I resten av sakene, der det ikkje blei gitt eit nytt løyve, var det anten fordi UNE heldt oppe vedtaket om utvising frå UDI, eller fordi vi ikkje rekna vilkåra for å gi nytt løyve etter § 28 eller § 38 som oppfylte.

Tilbakekalling av statsborgarskap

UNE fekk inn 112 saker av typen tilbakekalling av statsborgarskap, og av desse var 93 klagesaker. Dette er ein spesielt ressurskrevjande sakstype fordi desse klagesakene, etter lova, skal behandlast i eit nemndmøte med personleg frammøte. UNE behandla 74 saker, av desse 60 klagesaker. Behaldninga av klagesaker auka frå 24 til 62 frå 31.12.2023 til 31.12.2024. Ein av grunnane til denne auken var at UNE fekk inn over halvparten av sakene i tredje tertial. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for klagesakene var 185 dagar.

I 26 av dei 60 behandla klagesakene gav UDI tilsegn om nytt opphaldsløyve etter utlendingslova § 38. Vedtaket om tilbakekalling blei gjort om i 19 av sakene. UNE gav eit nytt § 38-løyve i éi sak. I 13 av dei 60 klagesakene blei det gjort vedtak om tilbakekalling utan at personen blei utvist eller fekk nytt løyve.

Andre sakstypar

UNE behandla 18 saker om opphøyr av flyktningstatus etter § 37, 14 klagesaker og 4 omgjeringssoppmodingar. 5 saker blei gjorde om. Vidare behandla vi 8 saker om tilbakekalling av EØS-løyve. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for saker om opphøyr av flyktningstatus var 284 dagar, mens ho for saker om tilbakekalling av EØS-løyve var 330 dagar.

Statsborgarskap


I 2024 fekk UNE inn 513 statsborgarsaker –468 klagesaker (91 %) og 45 omgjeringssoppmodingar. Dette er om lag på same nivå som i 2023, då vi fekk 506 statsborgarsaker i alt. Vidare behandla vi 532 saker. Av desse var 479 klagesaker (90 %) og 53 omgjeringssoppmodingar. Til samanlikning behandla vi 500 saker i 2023. Behaldninga av ubehandla statsborgarsaker blei dermed redusert frå 112 saker per 31.12.2023 til 93 saker per 31.12.2024. Gjennomsnittsalderen på behaldninga gjekk ned med 11 dagar, frå 122 til 111 dagar.

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i 2024 var 68 dagar, ned frå 85 dagar i 2023. 48 saker, det vil seie 9,0 %, blei gjorde heilt eller delvis om. 1,1 % av sakene blei behandla i eit nemndmøte.

Andre saker

Til denne saksgruppa høyrer mellom anna reisedokument, visum, nekta innreise og asylfornyng. I 2024 fekk UNE inn 997 saker i saksgruppa – 897 klagesaker (90 %) og 100 omgjeringssoppmodingar. Reisedokument var den største sakstypen med 267 innkomne saker, framfor nekta innreise (209) og visum (200).

Figur 16: Behandla saker i saksgruppa andre saker i 2024 fordelt på ulike sakstypar




UNE behandla 1 060 saker – 966 klagesaker (91 %) og 94 omgjeringsoppmodingar. Vi la bort 19 saker. Reisedokument var den største sakstypen med 311 behandla saker, framfor visum (256) og nekta innreise (212), sjå figur 16 ovanfor.

Den samla behaldninga av ubehandla saker (inkludert omgjeringsoppmodingar) blei gjennom 2024 redusert med ca. 78 saker og var per 31.12.2024 på 558 saker. Det var i hovudsak visumsaker og reisedokumentsaker som stod for denne reduksjonen. Bortvising auka med 46 saker til 105 saker per 31.12.2024.

Samla gjennomsnittleg saksbehandlingstid for saksgruppa var på 210 dagar i 2024, opp frå 205 dagar i 2023. Det var asylfornyng (70 saker) som hadde den lengste gjennomsnittlege saksbehandlingstida blant sakstypene – med 297 dagar. For dei to største sakstypene, reisedokument og visum, var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida høvesvis 245 og 173 dagar.

Figur 17: Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i saksgruppa andre saker i 2024 fordelt på ulike sakstypar



Gjennomsnittsalderen på den resterande porteføljen av andre saker gjekk ned frå 158 dagar per 31.12.2023 til 146 dagar per 31.12.2024.

Det var 92 saker, det vil seie 8,7 %, som blei heilt eller delvis gjorde om. UNE behandla 39 saker av sakstypen atterhald POT, og av desse blei 36 % gjorde om. Av sakstypen asylfornyng behandla UNE 70 saker, og her var det 20 % av sakene som blei gjorde om. Av alle sakene som blei behandla i saksgruppa, blei 1,8 % behandla i eit nemndmøte.

UNE overtok ansvaret for klagebehandlinga ved avslag på assistert retur i september 2021. Før det var det Justis- og beredskapsdepartementet som hadde ansvaret for klagebehandlinga av desse sakene. Sidan vi overtok denne porteføljen, har vi behandla 31 saker – 14 saker i 2022, 6 saker i 2023 og 11 saker i 2024. Éi sak blei gjort om i 2023. I 2024 var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i UNE for desse sakene 31 dagar.

3.2.4 Rapporteringspunkt 1 (R1): Prioriteringar og føringar knytte til behandling av saker som vedkjem barn

Beskriving i tildelingsbrevet: *UNE skal prioritere enslige mindreårige asylsøkere og barnefamilier i alle ledd i saksbehandlingen av asylsaker. Enslige mindreårige asylsøkere er en sårbar gruppe, og lang ventetid i disse sakene har særlige negative konsekvenser for de det gjelder. Det er også ønskelig å korte ned ventetiden for barnefamilier.*

Prioriteringen gjelder også omgjøringsanmodninger hvor det er gitt utsatt iverksetting.

UNE har behandla relativt få saker som gjeld einslege mindreårige asylsøkjjarar (EMA), i 2024. Vi prioriterer saker med mindreårige asylsøkjjarar og barnefamilier i alle ledd av saksbehandlingen.

I løpet av året behandla vi 82 saker, som gjaldt 75 personar, der klagaren hadde ført opp at hen var einsleg mindreårig asylsøkjjar på søknadstidspunktet. Av desse 82 sakene var det 55 klagesaker og 27 omgjøringsoppmodingar. For omgjøringsoppmodingane var hovudtyngda av klagarane over 18 år då vi behandla sakene.

UNE prioriterer sakene der det *framleis* er eit vurderingstema om klagaren er einsleg mindreårig. Av dei til saman 82 sakene vi behandla i 2024, var det berre 35 saker der klagaren *framleis* var under 18 år etter eigne opplysningar då vi gjorde vedtaket vårt. Sakene var fordelte på 33 klagesaker og to omgjøringsoppmodingar.⁶ Av dei 35 sakene var 17 realitetsbehandla asylsaker, 16 Dublin-saker og to såkalla trygt tredjeland-saker. Berre éi sak blei gjord om, og dette var ei realitetsbehandla asylsak. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i klagesakene var 164 dagar, mens ho for dei to omgjøringsoppmodingane var 8 dagar. Den største nasjonaliteten var klagarar frå Afghanistan. Dei fleste sakene (97 %) blei avgjorde av ein nemndleiar.

Vidare behandla UNE 199 saker tilhøyrande 112 barnefamilier i saksgruppa asyl. Desse fordelte seg på 176 klagesaker (88 %) og 23 omgjøringsoppmodingar, og til saman omfatta sakene 194 personar. 35 saker, som involverte 13 familiar, var såkalla «lengeverande barn»-saker. 5,8 % av desse sakene blei avgjorde i eit nemndmøte. Omgjøringsprosenten for «lengeverande barn»-sakene var 51 (18 saker). Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for dei til saman 199 barnefamiliesakene var 127 dagar, og dei 35 «lengeverande barn»-sakene hadde ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 199 dagar.

⁶ Vi tek atterhald om manglande datakvalitet i samband med identifiseringa av aktuelle saker på eit aggregert nivå.

3.2.5 Det beste for barnet som eit grunnleggjande omsyn i behandlinga av asylsaker (R1)

Rapporteringskrav 1: *UNE skal gi en særlig beskrivelse av hvordan det sikres at barnets beste er et grunnleggende hensyn i behandlingen av asylsaker som berører barn, jf. utlf. § 17-1 a.*

Både ved generelle støttetiltak og i dei konkrete enkeltsakene jobbar UNE breitt for å sikre at det beste for barnet er eit grunnleggjande omsyn:

- Vi opprettheld og styrkjer den barnefaglege kompetansen ved å invitere eksterne fagressursar og organisasjonar til UNE. I tillegg deltek tilsette på eksterne kurs og konferansar. I samråd med PU og UNE har UDI bede departementet om å sikre utlendingsforvaltninga relevant opplæring gjennom ei formell oppdragstilknyting til RVTS aust (Regionalt ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging) og Pilar.
- UNE har ei ordning med ein rådgivande barnepsykolog som gir rettleiing i enkeltsaker og opplæring i tema som til dømes barns utvikling og behov for tilknyting og risiko- og beskyttelsesfaktorar.
- UNE har fleire faglege notat til støtte i behandlinga av saker som omhandlar barn, til dømes om barnehelse. Vidare oppdaterer vi jamleg vedtaksmalar og standardtekst for å leggje til rette for konkrete vurderingar av kva som er best for barnet, med grunngivingar som kan vidareformidlast til barn.
- UNE har eit internt barnefagleg nettverk der fagrådgivarar, saksbehandlarar og nemndleiarar jobbar for å sikre barnefagleg kompetanse i enkeltsaker og likebehandling.
- UNE har hatt fleire likebehandlingsmøte med tema som er relaterte til barn. Med bakgrunn i rettskjeldene og tidlegare vedtak vurderer møtedeltakarane om vi har utfordringar med likebehandling eller kvaliteten elles i saksbehandlinga. I 2024 var forståing av utlendingsforskrifta § 8-5 og terskelen for å gi opphald til barn som ikkje er lengeverande, tema for eit likebehandlingsmøte.
- Dette likebehandlingsmøtet var ein del av oppfølginga etter KPMGs rapport om det beste for barnet i asylsaker frå april 2024. UNE har òg vurdert om andre tilrådingar tilseier endringar, mellom anna knytt til munnleg høyring av barn, om saksbehandlinga skal organiserast i eigne team med høg barnefagleg kompetanse, behovet for retningslinjer og tiltak som fremjar læring frå rettssaker.
- UNE gjennomførte ein barnefagleg «innsatsmånad» i oktober. I tillegg til å behandle enkeltsaker som handla om barn, gav innsatsen fagleg påfyll i form av foredrag og kollokvium der saksbehandlarane diskuterte tema som høyring av barn, bruk av tilleggstid, vurderinga av det beste for barnet ved familiesplitting, kravet til utgreiing og grunngiving og identitets- og aldersvurderingar for barn.
- Nemndleiarane har eit eige årleg møteforum om høyring av barn der dei diskuterer og utvekslar erfaringar. I 2024 var temaet tolking for barn. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) var invitert for å gi konkrete tips til korleis nemndleiarane kan løyse ulike utfordringar som kan oppstå i tolka samtalar med barn. IMDi har òg hjelpt UNE med å utvikle gode rutinar for bruk av tolk.

3.2.6 Verksemdsmål 2 (M2): Alle som oppheld seg i Noreg, har avklart identitet og lovleg opphald

Beskriving i tildelingsbrevet: *UNE skal gi en kort beskrivelse av virksomhetens aktiviteter og antatt effekt disse har hatt på målet.*

Avklart identitet

Det er identitetsproblematikk i mange saker og i mange sakstypar som UNE behandlar. Utfallet av ei identitetsvurdering kan vere avgjerande for resultatet i ei sak. Identitetsopplysningar kan òg vere viktige for å gjennomføre rask retur. I 2024 har vi gjennomført både grunnleggjande opplæring for nyttilsette og opplæring som har vore meir tilpassa konkrete og aktuelle problemstillingar. Vi har òg hatt ulike former for innsatsarbeid knytt til ID-saker kombinert med workshopar/kollokvium.

Å avklare identitet kan vere ressurskrevjande. UNE gjer ID-vurderingar både på grunnlag av eit breitt spekter av opplysningar i kvar enkelt sak og ved hjelp av ID-verktøy som dokumentundersøkingar, alders- og språkanalysar, DNA-testar og verifisering. Landkunnskap og kunnskap om dokument-/ID-situasjonen i kvart enkelt land står ofte heilt sentralt i desse vurderingane.

For å auke kompetansen har fleire frå UNE delteke på kurs i BioAlder (aldersundersøking) i regi av UDI. I januar 2025 gjennomførte vi eit tilsvarande kurs i våre eigne lokale. Biometri og ansiktssamanlikning er ofte eit sentralt bevis i sakene våre, særleg i tilbakekallingssaker. I 2024 heldt Kripos ein presentasjon i UNE om omgrepsavklaring, kompetanse, metodikk, konklusjonsgrader og samarbeid med utlendingsforvaltninga.

Vidare har vi delteke i arbeidet med å inngå ein ny avtale om språkanalysar. Arbeidet starta i 2023 og blei avslutta sommaren 2024, då det blei inngått avtale mellom Politiets fellesteneste og Verified AB. I denne perioden har det vore fleire møte mellom UDI, UNE og politiet.

Eit viktig styringsverktøy er maltekstar, og desse forbetrar vi jamleg. Maltekstar er eit effektivt og direkte verktøy for å forbetre saksbehandlinga og å sikre at alle ID-krav i regelverket er vurderte.

Som i 2023 har spørsmål om identitet gjort seg gjeldande som eit tema i rettssakene våre i 2024. Vi formidlar erfaringar om ID-spørsmål frå rettssakene til saksbehandlarar og nemndleiarar. Dette gjeld særleg saker om familieinnvandring, reisedokument, tilbakekalling og utvising. Vi har fått medhald i eit stort fleirtal av sakene.

Gjennom det tverretatlege prosjektet «Modernisering av person» (ModPerson) blei ei ny digital løysing for ID-avklaring innført i 2024. Dette har gjort det mogleg å registrere undersøkingar og vurderingar av identitet på ein meir strukturert måte. ModPerson er eit viktig tiltak for å sikre betre ID-kontroll av personar som kjem til Noreg. Arbeidet har identifisert behov for omfattande endringar i UDI sitt rundskriv om identitet. UNE bidrog i 2024 med ei utfyllande høyringsfråsegn om rundskrivet til UDI.

I 2024 har vi òg jobba med problemstillingar knytte til opphaldsløyve med avgrensingar på grunn av ID-tvil. I ei enkeltsak uttalte Sivilombodet at avgrensinga etter utlendingslova § 38 femte ledd først og fremst skal nyttast der det er uklart om opphaldet vil bli varig. Når avgrensa løyve likevel blir innvilga fleire gonger og over lengre tid, vil ikkje grunngivinga for bruk av avgrensa løyve gjere seg gjeldande med same styrke, meinte Sivilombodet. Vi har følgd opp vurderingane til Sivilombodet i saksbehandlinga vår.

Arbeidet med informasjonsutveksling mellom UDI/UNE og Skatteetaten har halde fram i 2024. Formålet er å sjå til at utlendingsforvaltninga deler rett informasjon med Folkeregisteret. Det er òg

oppretta kontaktpunkt i UNE for dei tilfella der Folkeregisteret har behov for nærare avklaring i enkeltsaker. På bakgrunn av tilbakemeldingar frå Skatteetaten har UNE gjort endringar i malteksten i breva vi sender med opplysning om falsk identitet.

Vi kan ikkje måle effekten av tiltaka i tal og statistikk. Eit fagleg inntrykk basert på tilbakemeldingar frå saksbehandlinga, vurdering av vedtak og inntrykk frå rettssaker er at tiltaka bidreg til

- eit adekvat kontrollnivå i saksbehandlinga og vedtak med rette rettslege utgangspunkt for ID-vurderingar og gode og balanserte grunngevingar. I samanheng med dette har UNE òg auka medhaldprosenten i rettssaker der identitet har vore eit bevistema;
- at vedtaka våre er i samsvar med krava om å sannsynleggjere identitet som vilkår for å gi opphaldsløyve.

Lovleg opphald

Saker der Politiets utlendingseining (PU) har behov for avklaring i samband med uttransportering, har høg prioritet i UNE. Det er etablert kontaktpunkt i både UNE og PU for å få rask avklaring der dette er nødvendig. Dette løpande samarbeidet bidrar til rask retur og til at måla i den overordna returstrategien for 2023–28 blir oppfylte.

UNE har delteke i møte i det nasjonale returnettverket som blir administrert av departementet, og som består av representantar for utlendingsforvaltninga, UD og Nasjonalt ID-senter. Vi har òg vore høyringspart i arbeidet med konkrete handlingsplanar for retur til sentrale og viktige returland, og vi deltok i arbeidet med den tematiske Schengen-evalueringa om retur våren 2024. Også i 2024 har vi hatt møte med spesialutsendingar, og då særleg når nye utsendingar tiltre. Formålet er å informere om kva vi forventar og har behov for, og å gjere avtale om framtidige møteplassar.

3.2.7 Styringsparameter 3 (SP3) – saksbehandlingstid i utvisingsklagesaker

Beskriving: Rask saksbehandling i utvisningssaker legger til rette for rask retur, og bidrar til målet om at alle som oppholder seg i Norge har avklart identitet og lovlig opphold.

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i 2024 har vore 195 dagar, opp frå 159 dagar i 2023.

UNE har i 2024 fått inn 749 klagesaker om utvising frå UDI, opp frå 708 i 2023. Vi har behandla 653 saker. Medrekna 5 bortlagde saker har dermed behaldninga av utvisingsklagesaker auka med ca. 90 saker frå inngangen til utgangen av året, då behaldninga var på 437 saker. Gjennomsnittsalderen på sakene har likevel gått ned frå 166 dagar per 31.12.2023 til 148 per 31.12.2024.

Noko av årsaka til at gjennomsnittleg saksbehandlingstid gjekk opp frå 2023 til 2024, er at behaldninga auka med ca. 60 saker gjennom 2023 og heldt fram med å auke gjennom 2024. Ein annan grunn er at vi har prioritert å få ned gjennomsnittsalderen i behaldninga ved å behandle ein større del gamle saker enn vi gjorde i 2023. Sjølv om gjennomsnittsalderen i behaldninga har gått noko ned gjennom 2024, vil den relativt store behaldningsauken gjere at saksbehandlingstidene sannsynlegvis kjem til å auke noko framover òg.

Generelt reknar vi denne porteføljen for å vere ressurskrevjande, mellom anna fordi mange saker er knytte til ei tilbakekallingssak og derfor inngår i eit større og tidkrevjande sakskompleks. I 2024 har mange erfarne tilsette som har jobba med utvisingssaker, slutta. Vi må derfor lære opp nye medarbeidarar på dette fagområdet. Mellom anna derfor har vi ikkje fått til å redusere behaldninga i 2024, for dermed å kunne korte ned på saksbehandlingstidene. Vi vil jobbe vidare med å lære opp fleire medarbeidarar på utvisingsområdet i 2025.

UNE fekk òg 198 oppmodingar om omgjerung av utvisingssaker i 2024, og vi behandla 204. Behaldninga gjekk dermed ned til 92 ubehandla saker per 31.12.2024. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for omgjeringsoppmodingane var 202 dagar.

I mai 2024 fekk UNE instruks om å utsetje iverksetjinga av utvisingssaker med barn der familielivet ikkje kunne vidareførast i heimlandet til klagaren (GI-04/2024 og GI-09/2024), i påvente av ny utlendingsforskrift § 14-1a (tok til å gjelde 20.01.2025). Dette medførte at vi sette om lag 35 saker på vent. Vi har no teke desse sakene til behandling igjen. Instruksen påverka òg utvisingssaker i rettssaksporet, der det blei vedteke å stanse ca. sju saker i påvente av nytt regelverk.

3.2.8 Tilbakekallingssaker (R2)

Rapporteringskrav 2: *Det vises til styringsparameter 2 (SP 2) der UNE tertialvis skal gi en oversikt over status og utvikling i porteføljene av oppholdssaker, herunder tilbakekallsaker. I årsrapporten skal UNE i tillegg gi en særskilt omtale av porteføljen av tilbakekallsaker hvor det ikke er gitt en annen tillatelse i tilbakekallsprosessen. I tillegg skal UNE gi en særskilt rapportering på antall tilbakekallsaker som er eldre enn ett år, gjøre en vurdering av ev. kjennetegn og utfordringer ved disse sakene og beskrive hvordan UNE jobber for å avklare disse.*

Særskilt om tilbakekallingssaker der det ikkje er gitt eit anna løyve i tilbakekallingsprosessen

Dei fleste tilbakekallingssakene som kjem til UNE, endar med at personen ikkje lenger har noko opphaldsløyve og derfor må forlate Noreg. Datagrunnlaget for å skilje ut saker der personen har fått eit nytt løyve av UDI før saka blei send over til UNE, er komplekst. Det blir jobba med å forbetre dette.

Vi har prioritert tilbakekallingssaker som har ei medfølgjande utvisingssak. Dette er saker der det ikkje er gitt anna løyve av UDI. Ut over dette har vi ikkje fokusert på å skilje ut saker der det ikkje er gitt nytt løyve av UDI, ettersom tilbakekallingsporteføljen har vore ein portefølje med mykje etterslep på gamle saker. Vi har derfor hatt som hovudprioritet å få ned etterslepet på dei eldste tilbakekallingssakene.

Særskilt om tilbakekallingssaker som er eldre enn eit år

Ved starten av 2024 hadde vi 33 ubehandla tilbakekallingssaker som var eldre enn eit år. Éi av desse var ei omgjeringsoppmoding. Ved utgangen av året hadde vi 27 ubehandla saker, og også no var det éi omgjeringsoppmoding.

Det som kjenneteiknar sakene som blir over eit år, er gjerne at vi må innhente ytterlegare informasjon i form av verifiseringar, ny landinformasjon, helseopplysningar eller liknande. Dette kan vere tidkrevjande. Fleire tilbakekallingssaker der vi òg hadde ei utvisingssak til behandling, la vi til sides hausten 2024 i påvente av den nye utlendingsforskrifta § 14-1a, som tok til å gjelde 20.01.2025, sjå omtale under punkt 3.2.7 ovanfor. Fleire av desse sakene har blitt over eit år. Vi har jobba systematisk for å redusere talet på saker over eitt år, gjennom tydelege prioriteringar og ved å prioritere å behandle gamle saker i særskilde innsatsperiodar.

3.2.9 Forbetring og effektivisering av verksemda (R3)

Rapporteringskrav 3: *UNE skal jobbe systematisk for forbedring og effektivisering av virksomheten, herunder samarbeide med de andre virksomhetene i utlendingsforvaltningen for å skape en mest*

mulig effektiv saksflyt. UNE skal i årsrapporten rapportere om hvordan virksomheten i 2024 har jobbet med dette.

Innsatsarbeid og innsatsmetodikk

UNE har i 2024 systematisert og vidareutvikla det vi kan kalle «innsatsarbeid» i kjernesaksbehandlinga. Innsatsarbeidet (såkalla sprintar) er innført i heile saksavdelinga, mellom anna på bakgrunn av erfaringar frå tidlegare år. Metoden går i hovudsak ut på at store saksmengder blir delte opp i tematiserte og mindre bolkar, og at laga set seg kortsiktige mål for å behandle sakene saman i team. Ein innsats startar gjerne med intern eller ekstern opplæring i den spesifikke porteføljen og sluttar med ei evaluering.

For å koordinere dette arbeidet og hjelpe laga oppretta UNE ei eiga prosjektleiarstilling frå november 2023, og i juli 2024 var metoden innført i alle lag. Kva rolle prosjektleiaren spelar inn i kvart lag, har variert, men det laga ofte ønskjer seg, er hjelp med det praktiske arbeidet med å systematisere sakene, lage visuelle framdriftsskjema og halde evalueringar. For å sikre kontinuerleg forbetring har laga sine eigne enkle evalueringar etter innsatsane, og dei deltek òg på felles evalueringar kvart halvår. Ved å samanlikne med evalueringar frå tidlegare halvår set laga sjølv prosessmål for tida framover.

Vi prøver òg ut korleis innsatsmetodikken kan nyttast på tvers av lag. Som eit døme kan vi nemne at vi hadde den første felles innsatsen vår i oktober 2024, med temaet barnefaglege vurderingar. Denne månaden hadde vi foredrag frå eksterne aktørar, workshopar i barnefaglege vurderingar, Barnefagleg dag (med politiet og UDI) og seks kollokvium der saksbehandlarar, nemndleiarar, eining for generelle juridiske saker (GJS) og barnefagleg nettverk deltok. I tillegg hadde laga funne saker frå sin eigen portefølje med barnefaglege vurderingar som blei prioriterte og behandla denne månaden. Målet var langsiktig kompetansebygging, samordning på tvers av einingar og lag og forbetra kvalitet i vedtaka gjennom at saksbehandlarane samarbeidde tettare med GJS og nemndleiarar. Innsatsen resulterte i tverrfaglege diskusjonar, oppdaterte maltekstar og prioritering av saker med barn. I mars 2025 har vi planlagt ein felles innsats med temaet ID.

Eit av måla med å systematisere og jobbe med innsatsar på denne måten er å komme fram til meir effektive måtar å jobbe på, med tanke på både formålseffektivitet og kostnadseffektivitet. I 2024 ser vi at det har vore relativt god produktivitet i sekretariatet dei månadene vi har hatt mange innsatsar, versus månader der det har vore få eller ingen innsatsar. Dette gjeld òg når vi korrigerer for faktorar som fråvær (inkl. feriar), overtidsbruk, talet på arbeidsdagar og sommar-/vintertid.

LEAN-nettverket i UNE

UNE har sidan 2020 hatt eit LEAN-nettverk som jobbar med flyt- og forbetringsarbeid i prosessar på tvers. Det er flyt- og forbetringskoordinatoren vår som leier nettverket, som elles består av representantar frå alle ledd i organisasjonen.

I 2024 har nettverket kartlagt og revidert rutinen for oversending av saker til nemndleiar. Målet var mellom anna å få ein forenkla og meir brukarvennleg prosess som òg kan forbetre samhandlinga mellom saksbehandlar og nemndleiar. Nettverket har vidare kartlagt og forenkla prosessen for sletting av SIS-vedtak, sett i gang ein ny rutine for samhandling og ansvar for vurdering av § 73 i opphaldssaker og ein ny rutine for flyt og samhandling i utvisingssaker med tilhøyrande vernesak. I tillegg jobbar nettverket kontinuerleg med å kutte unødvendige steg i arbeidsprosessane våre, å

gjere dei meir standardiserte og einskaplege og å kople på digital utvikling i større grad. Nettverket har òg gjennomført fleire evalueringar av igangsette tiltak, i tråd med smidig metode.

Vidareutvikling av systemporteføljen osv.

I 2024 har UNE halde fram med å forvalte og vidareutvikle systemporteføljen, og vi har nådd fleire viktige milepålar som vi meiner bidreg til forbetring og effektivisering av verksemda.

- Vi har fått systemstøtte til å gjennomføre forvaltningssamtalar som har sett oss i betre stand til å administrere og følgje opp desse samtalane effektivt.
- Vi har utvikla ei ny løysing som gjer det enklare å leggje inn praksissamandrag til den eksterne praksisbasen for saksbehandlarane.
- I juni 2023 gjekk vi i dialog med JD for å sjå på moglegheita for å effektivisere og digitalisere prosessen for oppnemning av nye nemndmedlemmer. Prosessen blei fullført i 2024, og dei nyutnemnde nemndmedlemmene blei lagde inn med betre datakvalitet og personvern ved hjelp av skjemaløysinga til UNE kopla mot BankID og avlevert til dei interne løysingane i UNE.
- Vi har òg starta produksjon av ei løysing for rettssakene våre som vi begynte å utvikle i 2023. Løysinga gir betre oversikt over rettssakene våre.
- Overgangen til ei skybasert saksarkivløysing er fullført, noko som har sett oss i betre stand til å administrere og lagre saksdokument.
- Vi har innført papirfrie nemndmøte, noko som reduserer papirbruken og gjer møta meir effektive.
- Vi er i ein innsiktsfase når det gjeld bruk av Copilot og OpenAI til administrasjon og i saksførebuinga, noko som kan bidra til effektivisering i framtida.

Vi har òg innført eit nytt internt *helpdesk*-system i 2024. Løysinga omfattar område som HR, lønn og IKT-støtte. Vi ser at det har gjort prosessane for sluttbrukaren mindre personavhengige, og det har òg blitt lettare å gjere analysar og ta ut statistikk, sidan alle førespurnadene no er samla på éin stad.

Nærare om papirfrie nemndmøte

Pilotering av *papirfrie nemndmøte* er eit effektiviseringstiltak vi har jobba med i 2024. Arbeidet involverer mange einingar i UNE, og resultatata så langt er lovande. Vi unngår voluminøse utskrifter, det er lettare å gjere oppslag i dokumentsamlingane, og vi sparar ein del tid med meir smidige nemndprosessar. 63 % av nemndmøta blei gjennomførte utan papir i 2024.

I tillegg vurderer vi denne prosessen som sikrare, sidan vi har betre kontroll med innsyn i dokumenta når alt skjer elektronisk. Vi vil halde fram dette arbeidet i 2025 ved å la piloten gå over i eit permanent produktteam som skal halde fram med å forbetre prosessane.

Internasjonal portefølje

UDI og POD har eit overordna ansvar for EU-prosjektet Smart Borders i utlendingsforvaltninga. UNE har delteke på prosjektrådsmøte for Internasjonal portefølje og bidrege til statusrapporteringar i dei månadlege rapportane frå UDI og POD til departementet.

UNE og UDI har også i 2024 jobba med ulike juridiske og teknologiske avklaringar knytte til gjennomføring av regelverket i dei rettsaktene som er relevante for UNE: SIS-recast, Entry-Exit (EES),

VIS-revised og Interoperabilitet (IO). I tilknytning til SIS-recast implementerte vi ei digital løysing for massebehandling av omgjeringsoppmodingar i UNE i februar 2024.

I 2024 har UNE delteke på jamlege arbeids- og statusmøte med UDI og POD i samband med innføringa og implementeringa av Entry-Exit-regelverket og tilpassing av digitale løysingar. Vi har òg etablert ei intern arbeidsgruppe som skal ta hand om innføringa og opplæringa i regelverket internt i UNE.

Vidare har UNE delteke på jamlege arbeids- og statusmøte med UDI og POD i samband med implementeringa og tilpassinga av digitale løysingar i VIS-revised- og IO-regelverket. Dette arbeidet vil halde fram, ettersom den planlagde implementeringsdatoen i Schengen er tentativt i 2027.

3.2.10 Produktivitet (R4)

Rapporteringskrav 4: *UNE skal beskrive oppnådd produktivitet i 2024. Rapporteringen skal inneholde en helhetlig vurdering av sentrale faktorer som har påvirket produktiviteten, sammenligne produktivitet med tidligere år, samt gi en vurdering av eventuelle tiltak som er igangsatt for økt produktivitet. Vurderingen skal følges av sentrale nøkkeltall som belyser produktivitetsutviklingen.*

Produktivitet målt i talet på saker per årsverk

Tabell 15 nedanfor viser talet på saker UNE har behandla dei tre siste åra (inkludert både klagesaker og omgjeringsoppmodingar), mens tabell 16 viser utviklinga i talet på årsverk. Vi behandla samla sett fleire saker i 2024 enn i kvart av dei to føregåande åra. Talet på behandla saker i 2024 var 19 % over nivået for 2023.

Tabell 15: Behandla saker 2022–2024

Sakstype	2022	2023	2024	Endring i prosent 2022-2023	Endring i prosent 2023-2024
Asylsaker	846	939	1 496	11 %	59 %
Oppholdssaker	4 649	4 758	5 283	2 %	11 %
Totalt	5 495	5 697	6 779	4 %	19 %

Talet på årsverk samla sett auka frå 203,9 i 2023 til 219,5 i 2024, ein auke på 8 %. For saksbehandling/kjerneverksemd var auken 11 %.⁷ Tabell 16 viser korleis årsverka dei tre siste åra har fordelt seg på ulike delar av verksemda. Tala viser gjennomsnittlege årsverk gjennom året når deltid, permisjonar og sjukefråvær m.m. er trekt frå.

⁷ Som i årsrapportane for 2022 og 2023 har vi gjort eit uttrekk på 3,4 årsverk i talet på årsverk for sakseiningane i 2022 på grunn av utlån til PU og JD i samband med krigen i Ukraina.

Tabell 16: Årsverk 2022–2024 (gjennomsnitt for året)

Del av UNE	2022	2023	2024	Endring i prosent 2022-2023	Endring i prosent 2023-2024
Saksenhetene	109,2	108,3	121,0	-1 %	12 %
Nemndledere	15,3	14,9	15,8	-3 %	6 %
DELSUM saksenheter+nemndled	124,5	123,2	136,8	-1 %	11 %
Prosedyreenheten	7,4	7,3	6,6	-1 %	-10 %
Øvrige UNE	70,7	73,4	76,1	4 %	4 %
SUM UNE	202,6	203,9	219,5	1 %	8 %

Tabell 17 viser talet på behandla saker (uavhengig av sakstype og avgjerdsform) per årsverk i sakseiningane og nemndavdelinga samla for kvart av åra 2022–2024.⁸ Målt på denne måten auka årsverksproduktiviteten i 2024 med 7 % i forhold til 2023 og med 12 % i forhold til 2022. Målt mot alle årsverk i UNE var den tilsvarande auken på 11 % målt mot 2023 og 14 % målt mot 2022.

Tabell 17: Behandla saker per årsverk for UNE totalt og for sakseiningar/nemndleiarar 2022–2024

Del av UNE	2022	2023	2024	Endring i prosent 2022-2023	Endring i prosent 2023-2024	Endring i prosent 2022-2024
Saksenhetene+Nemndled.	44,1	46,2	49,6	5 %	7 %	12 %
UNE totalt	27,1	27,9	30,9	3 %	11 %	14 %

Produktivitet målt i utgift per vektal og utgift per sak

Formålet med ei form for «vektal» er å kunne ta omsyn til at avgjerdsformene og sakstypene er ulike når det gjeld kor ressurskrevjande dei er. Vekttala skal ikkje vere nokon fasit, men kan fange opp produktivitetsutviklinga på ein litt annan måte enn om ein berre reknar ei sak for å vere ei sak. Vekttala blir rekna ut ved at vedtaka i UNE blir vekta på denne måten (jf. punkt 8.2 i tildelingsbrevet for 2024):

Tabell 18: Vekting av vedtaka i UNE (vektal)

Avgjerdsform	Vekt beskyttelsessaker	Vekt opphaldssaker
Stornemndmøte	6,382	6,382
Nemndmøte med personleg frammøte	1,276	0,895
Nemndmøte utan personleg frammøte	0,919	0,608
Avgjerd av nemndleiar utan nemndmøte	0,435	0,292
Avgjerd i sekretariatet	0,101	0,125

⁸ For at åra skal kunne samanliknast, er ikkje alle årsverk i saksavdelinga tekne med (m.a. FORS-eininga er halden utanom). For nemndavdelinga er det berre nemndleiarane som er rekna med. Dei resterande årsverka i desse avdelingane er rekna med under andre i UNE («Øvrige UNE»), og dermed òg i totaltalet.

Tabell 19: Kostnads- og vektalsproduktivitet 2022–2024

	2022	2023	2024	Endring i prosent 2022-2023	Endring i prosent 2023-2024	Endring i prosent 2022-2024
Regnskap (sum post 01 og 21)	271 827 228	294 623 347	300 750 306	8 %	2 %	11 %
Regnsk (KPI-just ift. 2022-kr)	271 827 228	279 263 836	276 424 914	3 %	-1 %	2 %
Antall behandlede saker	5 495	5 697	6 779	4 %	19 %	23 %
Gj.snitt kostnad per sak	49 468	51 716	44 365	5 %	-14 %	-10 %
Gj.snitt kostnad per sak (KPI-justert ift. 2022-kroner)	49 468	49 019	40 777	-1 %	-17 %	-18 %
Vekttall	1 687,6	1 777,0	2 263,1	5 %	27 %	34 %
Gj.snittlig vekttall per sak	0,307	0,312	0,334	2 %	7 %	9 %
Gj.snitt kostnad per vekttall	161 073	165 798	132 893	3 %	-20 %	-17 %
Gj.snitt kostn per vekttall (KPI-justert ift. 2022-kroner)	161 073	157 155	122 144	-2 %	-22 %	-24 %

Tabell 19 ovanfor viser utviklinga i gjennomsnittskostnaden per sak (rad 4 og 5) og per berekna vekttal (rad 8 og 9) dei siste tre åra. Dei rekneskapsførte driftsutgiftene for 2024 (inkluderer både post 01 og 21) har gått opp med ca. 2 % samanlikna med 2023, jf. rad 1. Men dette er nominelle tal, det vil seie at det ikkje er teke omsyn til lønns- og prisstigning. Justerer vi tala for prisauke ved å bruke utviklinga i konsumprisindeksen (KPI), har det vore ein reduksjon på ca. 1 % samanlikna med 2023, jf. rad 2 i tabellen. Rekneskapstala for 2022 og 2023 er etter kontantprinsippet, mens tala for 2024 er etter periodiseringsprinsippet (SRS). Årsaka til det er at vi ville få med etterbetalinga av lønn i februar 2025 som følgje av det forseinka lønnsoppgjeret for 2024.

Jamført med kor mange saker som er behandla i kvart av åra 2022–2024, får vi ein gjennomsnittleg nominell kostnad per behandla sak på 49 468 kroner for 2022, 51 716 kroner for 2023 og 44 365 kroner for 2024. Bruker vi KPI-justerte 2022-prisar blir kostnaden per behandla sak på 49 019 for 2023 og 40 777 for 2024, altså ein reduksjon med 1 % frå 2022 til 2023 og ein ytterlegare reduksjon med 17 % frå 2023 til 2024.

Ser vi nærare på kostnad per *vekttal*, gir dei KPI-justerte rekneskapstala ein reduksjon på 2 % frå 2022 til 2023 og ein ytterlegare reduksjon på 22 % frå 2023 til 2024, jf. nedste rad.⁹

Nærare vurdering av faktorar som har påverka produktivetsutviklinga

Rad 7 i tabell 19 viser gjennomsnittleg «vektalsutteljing» per sak for kvart av dei tre åra. I 2024 var kvar sak «verd» 9 % meir enn i 2022 og 7 % meir enn i 2023 målt i vekttal. Dette skulle i prinsippet indikere at samansetjinga av saker og avgjerdsform i 2024 var noko meir ressurskrevjande for UNE enn ho var i 2023.

I årsrapporten for 2022 skreiv vi at den viktigaste årsaka til den lågare utteljinga i vekttal per sak i forhold til 2021 var at delen saker som blei avgjorde i sekretariatet, hadde auka mykje frå 2021 (13 %) til 2022 (22 %). Vidare gjorde vi greie for at ein del (kanskje mesteparten) av desse årlege svingingane kan forklarast med behov for å utnytte kapasiteten hos nemndleiarane betre. Dette er noko vi ser på som viktig for å kunne nytte dei samla ressursane våre fleksibelt for å få ein god flyt i saksbehandlinga. Når eit vedtak blir gjort i nemndleiarleddet framfor i sekretariatet, gir dette likevel langt større «vektalsutteljing» per sak. For asylsaker og opphaldssaker er vekta for saker som blir

⁹ Konsumprisindeksen auka med 5,5 % frå 2022 til 2023 og med 8,8 % frå 2022 til 2024.

avgjorde av nemndleiar, høvesvis 4,3 og 2,3 gonger høgare enn når avgjerda blir teken av sekretariatet, jf. tabell 18. Dette trekte vi fram i årsrapporten for 2023 òg.

Tilsvarande er ein betydeleg lågare prosentdel saker avgjorde i sekretariatet hovudårsaka til forskjellen mellom 2023 og 2024. I 2023 var denne delen 16,3 %, mens han i 2024 var 5,6 %. Denne forskjellen kan først og fremst forklarast med eit behov for å utnytte kapasiteten hos nemndleiarane betre, og ikkje med reelle endringar i sakssamansetjinga.

Når det gjeld forskjellen i vekting mellom saker behandla i nemndmøte og saker behandla av nemndleiar, speglar han reelle forskjellar i ressursbruk. Her har delen saker behandla i nemndmøte gått ned frå 4,1 % i 2024 til 3,3 % i 2023. Dette trekkjer i retning av lågare vektalsutteljing (høgare produktivitetstal). Forskjellen mellom 4,0 % og 3,3 % utgjer ca. 50 færre saker i nemndmøte i 2024.

Slik vi vurderer det, har følgjande faktorar bidrege til å trekkje produktivitetstala opp frå 2023 til 2024:

- *Nemndmøte.* Ein mindre del av sakene blei som nemnt avgjorde i *nemnd* i 2024 enn i 2023 (3,3 % versus 4,0 %). Dette viser seg òg i at talet på gjennomførte nemndmøte var lågare: I 2023 heldt UNE 157 nemndmøte, i 2024 var talet på nemndmøte 129. Nemndmøte er ressurskrevjande å gjennomføre, og færre nemndmøte bidreg derfor til å trekkje produktivitetstala opp. Det er føresegnene i utlendingslova og -forskrifta og eigenarta til sakene som er avgjerande for kor mange nemndmøte vi har, og ikkje eit ønske om å ha færre nemndmøte for å auke produktiviteten.
- *Rekruttering/nytilsetjingar.* I periodar der vi har mange nytilsette i sekretariatet, ser vi noko lågare produktivitetstal i kjerneverksemda fordi opplæring tek kapasitet både frå dei som skal lærast opp, og frå dei som skal bidra i opplæring og kvalitetssikring. Det tek vanlegvis fleire månader før nytilsette blir om lag like «produktive» som meir erfarne saksbehandlarar. I 2023 fekk vi 33 nye tilsette i sekretariatet og 4 i nemndleiarleddet. I 2024 har vi hatt 17 nye tilsette i sekretariatet, ingen i nemndleiarleddet. Færre nytilsette i 2024 trekkjer i retning av auka produktivitet.
- *Utsifting (turnover).* Låg utsifting i sekretariatet i 2024 samanlikna med gjennomsnittet for tidlegare år har truleg òg hatt ein positiv effekt på produktivitetstala.
- *Budsjett.* Ein større del av budsjettet blei brukt til årsverk i kjerneverksemda i 2024 enn i 2023. Det kjem mellom anna av at UNE brukte meir på IKT-utvikling i 2023 enn i 2024. Dette bidreg til å trekkje gjennomsnittleg KPI-justert kostnad per behandla sak ned.
- *Krav om å vurdere utsett iverksetjing i Dublin-saker.* Behandla *UIV Dublin-krav* blir ikkje rekna med blant dei behandla utlendingssakene og tel dermed ikkje med i produktivitetstala før vi eventuelt får og behandlar den tilhøyrande klagesaka. Men desse krava er i snitt meir ressurskrevjande å behandle enn sjølve Dublin-klagesakene. I 2023 fekk vi langt fleire *UIV*-oppmodingar enn klagesaker. I 2024 har vi òg fått mange *UIV*-krav, og i tillegg har talet på innkomne Dublin-klagesaker auka vesentleg sidan 2023. Dermed har forholdet mellom *UIV*-krav og klagesaker vore jamnare fordelt i 2024. Dette trekkjer i retning av auka produktivitet for 2024 samanlikna med 2023. Sjå punkt 3.2.2 for ei nærare beskriving av dette.

Følgjande faktorar har bidrege til å trekkje produktivitetstala ned:

- *Storleiken og alderen på behaldninga.* Vi har i 2024 hatt ei endå større og ikkje minst eldre behaldning av saker. Når sakene er eldre, er dei erfaringsmessig meir ressurskrevjande å behandle enn når dei er yngre.
- *Rettsaksarbeid.* Belastninga i form av arbeid med rettsaker ser ut til å ha vore noko større i 2024 enn i 2023. Dette har i så fall bidrege i retning av å trekkje produktiviteten noko ned. Talet på hovudforhandlingar var 82 i 2024 mot 64 i 2023, mens talet på dagar i retten var høvesvis 164 mot 150, jf. tabell 4 under punkt 3.1.7.

I sum vurderer vi det slik at forskjellar mellom 2024 og 2023 i *samansetjinga av sakstypar* for behandla saker som ikkje har gått i nemndmøte, verken har trekt produktiviteten opp eller ned i vesentleg grad. Av dei tyngre, meir ressurskrevjande sakstypane auka delen tilbakekallssaker noko frå 2023 til 2024, mens utvisningssaker gjekk noko tilbake og realitetsbehandla asylsaker blei liggjande på om lag same nivå. Av dei relativt sett mindre ressurskrevjande sakstypane auka delen behandla Dublin- og trygt tredjeland-saker frå 6,6 % til 11 %. Det kan òg nemnast at delen omgjeringsoppmodingar gjekk noko ned: frå 16,7 % i 2023 til 14,5 % i 2024. Omgjeringsoppmodingar er i gjennomsnitt litt mindre ressurskrevjande å behandle enn klagesaker.

Når det gjeld belastninga med § 36-saker (søknader om å få dekt sakskostnader etter forvaltningslova § 36), har også denne vore relativt lik i 2024 som i 2023. Vi behandla 226 slike saker i 2024, mot 209 i 2023.

Samanfatta har altså ein noko lågare prosentdel saker i nemndmøte og færre nytilsette vore blant faktorane som har bidrege til at produktiviteten målt i årsverk per sak har gått opp frå 2023 til 2024, og at gjennomsnittskostnaden per sak har gått ned. På den andre sida reknar vi mellom anna med at ei stadig eldre behaldning har bidrege til lågare produktivitet. I lys av produktivitetstala, og sett opp mot ei rekkje forhold som spelar inn, vurderer vi det alt i alt som meir sannsynleg at den *reelle* produktivitetsutviklinga dei siste par åra har vore positiv, enn at ho har vore negativ.

Tiltak for å betre produktiviteten

Vi har over tid jobba med å få kontinuerleg forbetring til å vere ein integrert del av arbeidsforma i UNE. Dette inneber at organisasjonen gjer mange små endringar og tilpassingar mellom anna for å betre produktiviteten. Sjå òg punkt 3.2.9, der vi mellom anna omtaler LEAN-nettverket i UNE. Vi har òg tru på at fleire av utviklingsprosjekta våre gir effekt over tid.

Noko som har vore spesielt viktig for 2024, er at vi i langt større grad har byrja å systematisere ein meir samla og koordinert innsatsmetodikk, ikkje berre internt i dei ulike laga i sekretariatet, men òg på tvers av desse. Dette omtaler vi òg nærare under punkt 3.2.9. I 2024 har vi sett at produktiviteten har vore høgare i månader der vi har gjennomført mange innsatsar, enn i månader med få eller ingen innsatsar. Dette gjeld òg når vi korrigerer for ei rekkje typar fråvær (slik som ferie) og andre relevante faktorar, som sommar-/vintertid og overtid. Den meir heilskaplege, langsiktige effekten på produktivitet vil vi likevel sjå nærare på. Mellom anna kan noko av produktivitetseffekten for kvar enkelt månad som har hatt mange innsatsar, komme av at det «blir rydda plass i kalenderen» til

saksbehandling, mens månader med få eller ingen innsatsar får lågare saksavvikling fordi andre arbeidsoppgåver enn rein saksbehandling då må prioriterast. Vi har likevel stor tru på at vi ved å systematisere og koordinere metodikk og organisering kan få mykje ut av denne måten å jobbe på, og vil halde fram med dette arbeidet i 2025.

I tillegg til saksavvikling/produktivitet har læring/kompetanseoppbygging, likebehandling og motivasjon vore ein viktig effekt av innsatsane, noko som vi over tid meiner vil gi verdifull kollektiv fagleg innsikt og potensial for nødvendig fleksibilitet i disponeringa av ressursane våre.

3.2.11 Samarbeid i migrasjonsskjeda

ID-samarbeid

UNE samarbeider om ID med UDI, PU / lokalt politidistrikt, UD, Nasjonalt ID-senter (NID) og Landinfo. I tillegg er UNE høyringspart ved endringar i rundskriv og retningslinjer frå UDI.

Vi samarbeider med NID både i samband med behandlinga av enkeltsaker og på overordna nivå. ID-nettverket, som er leidd av NID, blei etablert i 2015 og består av 19 statlege etatar pluss Finans Norge. Møta i nettverket er viktige for utveksling av informasjon om betydninga av identitet i det norske samfunnet. Her får UNE informasjon om viktig ID-arbeid mellom anna frå sentrale aktørar som POD, Skatteetaten, Nav og UDI. NID bidreg òg til å heve kompetansen på ID-arbeid generelt ved å arrangere webinar og kurs retta mot utlendingskjeda.

Retur

Kjedesamarbeidet på returfeltet blei grundig og utfyllande omtalt i eit spørjeskjema i samband med den tematiske Schengen-evalueringa i 2024. Evalueringa identifiserte bestepraktis i returarbeidet og kva som er dei største utfordringane i dei ulike landa. Samtidig kom landa med forslag til felles løysingar for å oppnå effektive returar. Basert på svara blei tre land, mellom desse Noreg, valde ut til stadlege besøk der målet var å lære meir om bestepraktis. Evalueringsteamet besøkte Noreg i veke 39. Sentralt i presentasjonen til UNE var informasjon om rolla vår og mandatet vårt og korleis samarbeidet med PU fungerer i praksis, relatert til ein nyleg uttransport.

EU-kommisjonen spurde UNE og PU om å arrangere opplæring / ein workshop for å dele erfaringar om korleis Noreg behandlar omgjeringssoppmødingar («last minute applications»). Ein digital workshop blei arrangert hausten 2024, og her blei det gitt informasjon om regelverk og prosedyre og om det praktiske samarbeidet mellom UNE og PU i slike saker.

Det barnefaglege samarbeidet i utlendingskjeda

Det har vore fire møte i barnefagleg forum i 2024. Barnefagleg forum er eit tverretatleg forum for etatane i utlendingsforvaltninga (UDI, PU, UNE, IMDi og UD) som skal sikre heilskap og samordning i barnefaglege spørsmål på utlendingsfeltet.

I 2024 samarbeidde PU, UDI, IMDi og UNE om ein felles barnefagleg konferanse for alle i utlendingskjeda, inkludert samarbeidande etatar og organisasjonar.

Ei gruppe med representantar frå UDI, PU og UNE har halde fram samarbeidet om å implementere nettsida asylbarn.no. I 2024 blei filmen EMA med følgjeperson ferdig. Filmen skal etter planen

lanserast tidleg i 2025. Det er semje om at samarbeidet om implementeringa av nettsida skal halde fram, og ein planlegg å lage fleire filmar.

UNE deltek dessutan i samarbeidet med DigiUng.

Dublin-samarbeid i kjeda

Dublin-einingane i PU, UDI og UNE har hatt mykje kontakt gjennom jamlege møte i 2024 som tidlegare år. Kripos deltek òg i desse møta. Samarbeidet er prega av god kommunikasjon, fleksibilitet og smidigheit, og lett tilgjengelege kontaktpersonar i Dublin-einingane. UNE har hatt løpande kontakt med UDI og PU ved behov for prioritering av saker på grunn av fristar i Dublin-regelverket.

Det er framleis mange land i Dublin-samarbeidet som opplever eit stort press på mottakskapasiteten. Italia informerte i desember 2022 om stans i alle returar frå andre medlemsstatar i Dublin-samarbeidet. Denne returstansen har halde fram gjennom 2024.

Pakta – reform av asyl- og migrasjonsregelverket i EU

Den 14. mai 2024 vedtok EU ei pakt for migrasjon og asyl (Pakta), ein pakke på 10 rettsakter på migrasjonsområdet. Målet med Pakta er å reformere asyl- og migrasjonsregelverket i EU, mellom anna ved å bidra til sikrare yttergrenser og raske og effektive asylprosedyrar. Noreg er heilt eller delvis bunde av fem av rettsaktene. Implementeringsfristen er sommaren 2026.

Både UDI og POD har fått oppdragsbrev frå Justis- og beredskapsdepartementet (JD) om implementering av Pakta, der det er vist til at UNE må involverast for å gjere tilpassingar i samband med rettsaktene. UNE har utnemnt kontaktpersonar og etablert ei intern arbeidsgruppe som kan følge opp dei løpande bestillingane og leveransane i samband med implementeringa av Pakta.

Ei av rettsaktene som inngår i Pakta, er den reviderte Eurodac-forordninga. UNE deltek med ressurspersonar i ei tverretatleg arbeidsgruppe med UDI og POD som vurderer både juridisk regelverk og ulike teknologiske løysingar i implementeringsløpet, for å vareta dei internasjonale forpliktingane våre.

I tillegg til eit ansvar for Eurodac-forordninga har UDI fått eit ansvar for å koordinere asyl- og migrasjonshandteringsforordninga (AMMR) og forordninga om krisesituasjonar og force majeure. POD koordinerer screeningforordninga. UNE har i samarbeid med UDI og POD bidrege til den nasjonale implementeringsplanen som departementet har sendt til EU-kommisjonen.

Anna

Vi har i 2024 hatt eit godt samarbeid med UDI om arbeidet med standardisert klagebehandling. Vi opplever saksflytmøta med UDI, både dei operative og dei strategiske, som konstruktive. Vi får god informasjon på møta, og dei bidreg til betre saksflyt mellom etatane. UNE deltek òg regelmessig på relevante møtearenaer i samband med arbeidet til berekningsgruppa for utlendingsforvaltninga (BGU).

3.2.12 Arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk (R5)

Rapporteringskrav 5: *I dette arbeidet skal det tas hensyn til ivaretagelse av virksomhetens kjerneoppgaver og kostnadseffektivitet. UNE skal også vurdere hvordan klimaendringene vil påvirke virksomheten. UNE skal gjøre systematiske vurderinger av egen energibruk og ta i bruk lønnsomme energieffektive løsninger, samt øke energifleksibiliteten der dette er relevant. Nærmere forklaring på hvordan resultatene skal fremstilles vil fremkomme av eget rundskriv.*

Gjennom samfunnsoppdraget er UNE særleg bevisst på klimaendringane og potensialet for auka tilstrøyming av såkalla klimaflyktningar.

Internt jobbar vi jamleg med å vurdere nye tiltak som kan bidra til å redusere klimautslepp og/eller inneber meir miljøvennlege arbeidsmåtar:

- I 2024 starta vi eit pilotprosjekt kalla «Papirfrie nemndmøte». 63 % av nemndmøta blei gjennomførte utan papir, jf. omtale under punkt 3.2.9.
- Miljøkrav er ein del av kravspesifikasjonen i alle anskaffingane våre, inkludert leigekontrakten i Storgata 38.
- Vi har miljøstasjonar i kvar etasje for å kjeldesortere restavfall. Kantina sel kvar dag restemat til halv pris for å redusere matsvinn.
- I UNE er vi opptekne av at dei tilsette ikkje blir eksponerte for farlege kjemikaliar. Tilsette i kantina og dei som arbeider med reinhald, bruker berre miljøvennlege produkt. Vi har utarbeidd ei oversikt over miljøvennlege produkt som skal brukast.
- Vi legg til rette for miljøvennlege reisemåtar ved å ha ei sykkelparkering der dei tilsette trygt kan plassere syklane sine, og ved at vi ikkje disponerer plassar i parkeringshuset i Oslo City. Fleire tilsette deltek kvart år i Sykle til jobben-kampanjar.
- Som tiltak for å redusere energiforbruket har vi installert tidsbrytarar i lokala våre som gjer at mesteparten av lyset slår seg av etter klokka 18.

3.2.13 Tilsetjing av personar med funksjonsnedsetjing (R6)

Rapporteringskrav 6: *UNE skal i årsrapporten oppgi antallet ansettelser av personer med funksjonsnedsettelse og/eller fravær fra arbeid, utdanning eller opplæring i 2024 og omtale utviklingen sett opp mot virksomhetens gjennomsnitt for 2020 og 2021.*

I 2024 har vi tilsett få nye medarbeidarar, berre fem personar i alt. Inkludering og mangfald er noko vi har vore opptekne av i alle desse rekrutteringsprosessane. Vi har retta særleg merksemd mot rekruttering av personar med funksjonsnedsetjing og personar med såkalla hòl i CV-en. Men det har vore få søkjarar som har opplyst at dei har ei funksjonsnedsetjing og/eller hòl i CV-en. Ingen av desse søkjarane var kvalifiserte, og dei blei dermed ikkje kalla inn til intervju.

Så få tilsetjingar gir lite grunnlag for å samanlikne med 2020 og 2021. 2024 var på same nivå som i 2020, då vi òg tilsette fem nye medarbeidarar i alt. Også den gongen var det få søkjarar med opplyst funksjonsnedsetjing og/eller hòl i CV-en, og heller ikkje då var det nokon av dei som var kvalifiserte og blei kalla inn til intervju.

I 2021 tilsette vi totale 53 medarbeidarar, og tre av dei hadde opplyst at dei hadde ei funksjonsnedsetjing og/eller hòl i CV-en. Desse tre utgjer ca. 6 % av alle nytilsette det året.

3.2.14 Konsulentbruk (R7)


Rapporteringskrav 7: UNE skal i årsrapporten for 2024 rapportere om konsulentbruken og oppfølgingen av fellesføringen, herunder om totalbeløp for kjøp av konsulentttjenester, hvilke tiltak som er iverksatt og konkrete resultater. Dersom det er fagområder og/eller kompetanseområder i virksomheten der konsulenter benyttes i særlig grad, skal bakgrunnen for dette omtales nærmere. UNE skal som en del av rapporteringen også gi en overordnet omtale av eventuelle kjøp av konsulentttjenester fra kommunikasjonsbransjen (alle typer kommunikasjonstjenester) i 2024 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tjenester. Dersom utgifter til kjøp av konsulentttjenester er vesentlige, bør virksomheten i note til årsregnskapet spesifisere dette nærmere. Dersom virksomheten har større kjøp av konsulentttjenester fra andre statlige leverandører, bør dette fremgå særskilt.

Konsulentbruken til UNE i 2024 kosta totalt ca. 9,2 mill. kroner, ned frå 15,8 mill. kroner i 2023. Utgiftene utgjorde ca. 3,1 % av dei totale driftskostnadene i 2024 og 5,6 % av driftskostnadene i 2023. Nedgangen frå 2023 til 2024 kjem først og fremst av lågare aktivitet. Vi har nemleg måtta utsetje enkelte aktivitetar på grunn av mangel på konsulentar med rett erfaring og kompetanse. Vidare har vi brukt konsulentar med ein lågare timepris i 2024, og vi har i større grad brukt egne tilsette til arbeid som tidlegare var sett ut til konsulentar.

Figuren nedanfor viser utgiftene våre til konsulentar i perioden 2020–2024 fordelt på ulike område.

Konsulentar til utvikling av programvare og IKT utgjør den klart største kategorien av konsulentbruken til UNE. Deretter følger konsulentstøtte mellom anna frå Statsbygg i samband med at vi skal flytte til nye lokale i 2025. Den relativt store bruken av konsulenttenester på IKT-området heng dels saman med at det på dette området er særskilt utfordrande å rekruttere og behalde rett kompetanse, ikkje minst for ei relativt lita verksemd som UNE, dels med at behovet for spisskompetanse kan endre seg frå prosjekt til prosjekt og over tid.

Figur 18: Fordeling av konsulentutgiftene til UNE 2020–2024 etter art



UNE har også i 2024 jobba aktivt med å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å bruke interne ressursar og eigen kompetanse. Dette gjeld til dømes innanfor områda leiar- og medarbeidarutvikling. Vi har elles ikkje gjennomført større rekrutteringsprosessar i 2024 som har gjort det nødvendig å leige inn administrativ hjelp.

Når det gjeld kommunikasjon, har vi ei intern kommunikasjonseining på seks tilsette som sjølv har og utviklar det vi bruker av kommunikasjonskompetanse.

3.2.15 Rapportering etter verksemdsinstruksen for Utlendingsnemnda

Praksis i strid med tilrådingar frå UNHCR

UNE har ikkje etablert ein praksis som er i strid med tilrådingar frå UNHCR, for nokon sakstypar/landporteføljjar i 2024. Vi viser likevel til at vi i juni 2024 gav ei forklaring til departementet om forholdet mellom nokre få enkeltstående avgjerder i UNE og UNHCR-dokumentet «Position on Returns to Ethiopia» frå mars 2022.

Punkt 2.5 i instruksen

Kort oversikt over og oversending av rettskraftige tingretts- og lagmannsrettsdommer der praktisering av regelverket har vært et sentralt vurderingstema

Vi viser til eigne brev om dette.

3.2.16 Mangfald, inkludering og likestilling – rapportering etter utgreiingsplikta

Alle verksemdar som arbeider etter metodikken i § 26 bokstav a til d i likestillings- og diskrimineringslova, skal gjere greie for to ting:

- 1) den faktiske tilstanden for kjønnslikestilling i verksemda
- 2) arbeidet dei har gjort for å oppfylle aktivitetsplikta

Mangfald, inkludering og likestilling inngår som eit konkret mål i verksemdsstrategien for UNE 2022–2025. UNE jobbar løpande med å vareta likestillingsperspektivet på alle nivå av verksemda. Dette skjer i hovudsak gjennom ordinær dialog og samhandling med tillitsvalde. I tillegg er vi opptekne av å fremje likestilling i rekrutteringsprosessar. Omsynet til likestilling er òg vareteke i personalpolitikken vår.

UNE har ei eiga arbeidsgruppe – mangfaldsgruppa – som jobbar med mangfald, inkludering og likestilling. Arbeidsgruppa består av representantar frå arbeidsgivaren og dei tillitsvalde. Gruppa har utarbeidd ein handlingsplan.

Om lag 70 % av dei tilsette i UNE er kvinner. UNE gjennomfører lønnskartlegging kvart år. På UNE-nivå (alle tilsette) er gjennomsnittslønna for menn høgare enn lønna for kvinner. Det same gjeld innanfor kvar enkelt stillingskategori, med unntak av leiarar på trinn 2 (1060 Avdelingsdirektør), der gjennomsnittslønna for kvinner er høgast. Ser vi på mellom anna ulike ansiennitetsgrupper og einingar innanfor kvar enkelt stillingskategori, er biletet meir samansett. I rundt halvparten av utvala er det kvinner som har høgast gjennomsnittslønn. Dette stadfestar biletet frå tidlegare år, det vil seie

at det er andre faktorar enn kjønn som forklarar lønnsforskjellane (m.a. erfaring, oppgåver og ansvar, prestasjonar og utdanningsnivå). UNE planlegg å gjennomføre ein meir omfattande analyse i 2025.

UNE har ingen tilsette som jobbar ufrivillig deltid. Vi har berre dagtidsstillingar, og alle får tilbod om 100 % stilling. Berre eit fåtal av dei tilsette jobbar deltid på eige initiativ. Med unntak av ein lærling som er tilsett mellombels, og direktøren, som er tilsett på åremål, er alle stillingar i UNE faste.

Når det gjeld foreldrepermisjon, hadde kvinner i snitt 20 veker og menn 14.

3.2.17 Prosedyreeininga i UNE

Eininga for prosedyre er ei fagleg uavhengig eining under direktøren som består av ein avdelingsleiar som i tillegg er advokat og prinsipal, og sju advokatar. Eininga skal etter avtale med Regjeringsadvokaten ta seg av ein større del av rettssakene til UNE. I 2024 fekk eininga 42 nye saker, det vil seie ca. 50 prosent dei i alt 85 nye rettssakene til UNE. I tillegg tok advokatane i eininga hand om 13 ankesaker. Det har blitt stadig fleire rettssaker dei siste åra. Ikkje sidan før koronapandemien har vi sett like mange saker som no. I tillegg er det ein markant auke i talet på saker der motparten ber om mellombels åtgjerd. I over halvparten av sakene i fjor blei det bede om slik åtgjerd, anten åleine eller saman med hovudsaka.

Slik vi vurderer det, heldt rettssakporteføljen elles omtrent det same nivået som han har gjort dei siste åra, både i kompleksitet, i omfang og i anketendens. Det som likevel skil innhaldet i porteføljen frå tidlegare, og då særleg frå tida før pandemien, er mellom anna at delen beskyttelsessaker både faktisk og relativt har blitt vesentleg mindre, og at sakstypene har blitt vesentleg meir mangfaldige og ulike. Porteføljen rommar òg saker om borgarar frå land som tradisjonelt ikkje har vore ein del av rettssakene i utlendingsporteføljen. Sakene krev vidare eit større fokus på og meir djupnekunnskap om internasjonale rettskilder, då særleg på området til EØS-retten og EMK-retten. Samansetjinga i porteføljen har ført til at vi har fått fleire avklaringar og stadfestingar innanfor fleire område og sakstypar. I året som har gått, gjeld det mellom anna område som vurdering av identitet, tilbakekall av opphaldsløyve og beskyttelse.

Eininga har stilt kompetansen og ressursane sine til rådvelde for at UNE skal kunne etablere ein god fagleg struktur i rettssaksarbeidet og få tilbakeført erfaringar frå rettssakene. Advokatane har mellom anna gjennomført fagmøte, ein månadleg domstime, opplæring og analysearbeid. Dei har òg delteke i og gitt råd til ankeutvalet og gitt innspel til samhandlingsforumet i UNE. I tillegg har dei hatt ulike eksterne oppdrag, mellom anna i UDI.

Dagens tredeling mellom Regjeringsadvokaten, prosedyreeininga i UNE og CMS Kluge Advokatfirma fungerer framleis godt slik vi vurderer det.

DEL IV Styring og kontroll i verksemda

4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda

Dei statlege prinsippa for mål- og resultatstyring er grunnlaget for den interne styringa i UNE. Det er ikkje avdekt vesentlege avvik i drifta til UNE i 2024. UNE vil framleis arbeide med å vidareutvikle styringssystem og intern kontroll, mellom anna gjennom kvalitetskontrollar og forbetringsarbeid.

Krav og føringar i tildelingsbrevet utgjer grunnlaget for den risikobaserte styringsdialogen. I tillegg vurderer vi fortløpande i kva grad det vil vere aktuelt å informere departementet om avvik som gjeld andre typar risiko, til dømes innanfor HMS, personvern og sikkerheit.

For å sikre at vi oppfyller krava til internkontroll ved saksavviklinga i UNE, har vi etablert system og rutinar for å sørge for rett kvalitet i kjernesaksbehandlinga vår. Vi arbeider for å oppnå rett kvalitet ut frå kva den enkelte saka krev, mellom anna ved

- organisering av saksbehandlinga i eigne lag, spesialisert etter sakstype;
- faglege innsatsar i sekretariatet der vi har foredrag og workshopar og jobbar konsentrert med ei viss problemstilling. I 2024 hadde vi ein barnefagleg innsats;
- interne retningslinjer, rutinebeskrivingar og faglege rettleiarar for saksbehandlinga;
- vedtaksmålar som sikrar korrekte lovtilvisingar og gir rettleiing om kva UNE må vurdere i ulike typar saker;
- praksisnotat og andre faglege notat om relevante tema;
- ein praksisbase med døme på ulike typar vedtak;
- interne og eksterne kurs og andre kompetansetiltak;
- faglege møteplassar, mellom anna likebehandlingsmøte og «faglunsjar»;
- interne faglege nettverk, mellom anna barnefagleg nettverk og ID-nettverk;
- læring frå rettssakene, mellom anna gjennom tilbakemeldingsmøte med prosedyreeininga og gjennomgang av dommar;
- ei eiga generell juridisk eining med høgt kompetente medarbeidarar som saksbehandlarar og nemndleiarar kan rådføre seg med. Til denne eininga har vi òg knytt til oss ein rådgivande psykiater og ein rådgivande barnepsykolog.

4.2 Nærare omtale av forhold knytte til styring og kontroll

4.2.1 Innføring og bruk av SRS

Statlege rekneskapsstandardar (SRS) er gjorde obligatoriske for alle statlege verksemdar frå 2027. Innføringsperioden er på fem år frå 1. januar 2022 for dei verksemdene som ikkje allereie hadde brukt SRS før dette. UNE fører rekneskapen etter dei statlege rekneskapsstandardane frå og med rekneskapsåret 2024. Sentrale økonomimedarbeidarar i UNE har delteke på alle kurs og opplæringstilbod i regi av DFØ i samband med innføringa og bruken av SRS.

UNE hadde dialog om prinsippavklaringar med Justisdepartementet undervegs i prosessen før vi sende opningsbalansen over til departementet for godkjenning. Opningsbalansen per 1.1.2024 blei formelt godkjend av Justisdepartementet 4.9.2024.

Rekneskapsåret 2024 har vore eit år med utprøving der vi har samla erfaringar og bygd opp kompetanse på å føre periodisert rekneskap. Vi ser at periodisert rekneskap gir betre informasjon mellom anna om forpliktingane UNE har overfor tilsette, og at verdien av investeringar som er gjorde i løpet av fleire år, kjem tydelegere fram. Vi vil arbeide vidare med å leggje til rette for betre utnytting av styringsinformasjon frå den periodiserte verksemdsrekneskapen.

4.2.2 Sikkerheit og personvern

Organisasjon

UNE har jobba systematisk med sikkerheit og personvern i 2024. Arbeidet med sikkerheit og personvern har også dette året blitt koordinert gjennom sikkerheitslaget, som har jobba med både strategiske og løpande oppgåver. Det er informasjonssikkerheitsleiaren i UNE (CISO) som leier laget. Sikkerheitslaget gir råd og rapporterer om sikkerheit og personvern til direktøren og den strategiske leiargruppa.

Sikkerheitskultur

I 2022 innførte sikkerheitslaget bevisstgjeringsprogrammet SUNE (Sikkerheit i UNE). Programmet består av mange ulike aktivitetar, som nanolæring, stikkprøver og testar, møte, artiklar og foredrag. Det er obligatorisk for alle medarbeidarar å delta i dette programmet.

I 2024 har vi jobba aktivt for å vidareutvikle programmet, og det er gjennomført mange ulike aktivitetar retta mot medarbeidarane. Det er viktig for UNE å få etablert ein kultur der vi har bevisste medarbeidarar, slik at vi kan vere proaktive og hindre at uønskte hendingar, sikkerheitsbrot eller brot på personvernet oppstår. For at vi skal få til det, er det heilt avgjerande at medarbeidarane rapporterer løpande om avvik, uønskte hendingar eller forhold som potensielt kan føre til slikt.

Nokre område og problemstillingar vi har fokusert på i 2024, er digitale og fysiske truslar, manipulering og personvern.

Operativ sikkerheit

UNE har i 2024 jobba saman med den eksterne partnaren vår på sikkerheitsovervaking (SOC – Security Operation Center).

UNE har gjennomført ulike revisjonar, kontrollar og sikkerheitstestar i løpet av året, og vi jobbar kontinuerleg med forbetringar og oppfølging av tiltak etter desse.

Kriseberedskap


UNE har i løpet av året gjennomført kriseøvingar på verksemdsnivå og på avdelings-/einingsnivå for IT relatert til cyberangrep.

Personvernombod

Betre kontroll med sensitive personopplysningar og betre tilgangsstyring i ulike system har vore prioritert. Det same gjeld sikkerheit ved nye tekniske løysingar. Vi har ein årleg gjennomgang av behandlingsprotokollar etter GDPR på alle område, slik at vi har god oversikt over korleis vi behandlar og bruker personopplysningar. Avvikssystemet er vel kjent i organisasjonen, og avvik blir handterte fortløpande med vekt på læring og førebygging. To saker blei melde til Datatilsynet, som la dei bort utan vidare saksbehandling.

4.3 Ressursbruk

Figur 19: Fordeling av driftsutgiftene til UNE i 2024 etter art*



*Prosentdelene er henta frå den periodiserte rekneskapen (SRS) for 2024.

UNE meiner at ressursbruken har vore forsvarleg i 2024, både med tanke på korleis vi har prioritert, og med tanke på korleis ressursane er brukte.

Tala i figuren ovanfor er berekna etter periodiseringsprinsippet (SRS) og viser samansetjinga av kostnadene til UNE etter art, for rekneskapsåret 2024. UNE hadde 312,6 mill. kroner til disposisjon i 2024 (samla tildeling på post 01 og 21). Utgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen for same periode utgjør 300,8 mill. kroner, inkludert investerings- og finansutgifter.

Lønn og sosiale utgifter utgjør ca. 78,3 % av dei totale driftskostnadene i 2024. Denne prosentdelen har auka noko sidan året før, og det kjem i hovudsak av at UNE har hatt fleire årsverk i 2024 enn i 2023.

Utgifter til *husleige, vakthald m.m.* er den nest største kostnadskategorien og utgjør om lag 7,4 % av dei totale driftskostnadene i 2024.

Konsulentbruken i 2024 utgjør ca. 3,1 % av dei totale driftskostnadene og er redusert samanlikna med året før, då han utgjorde 5,6 %. Vi viser til omtale av rapporteringskrav 7 om konsulentbruk under punkt 3.2.14.

Kjøp av andre framande tenester utgjør ca. 2,6 % av kostnadene til UNE i 2024 og består mellom anna av kjøp av tenester til løpande driftsoppgåver på IKT-området, tolke- og verifiseringstenester, psykolog- og psykiatertjenester og dessutan bistand til anskaffingar.

Vi viser ellers til kommentarane frå leiaren i del 6 Årsrekneskap, som gir nærare forklaringar og vurderingar av vesentlege forhold ved årsrekneskapen til UNE.

4.4 Ny langsiktig leigeavtale for kontorlokala til UNE

Sommaren 2025 skal UNE flytte inn i nye lokale i Storgata 38 i Oslo. Leigeavtale blei signert i januar 2024. Hovudkriteria for val av nye lokale var pris og kvalifikasjonar. Gjennom heile prosessen har vi jobba tett og godt med Statsbygg som rådgivar.

Storgata 38 blir totalrenovert. Saman med Statsbygg har vi følgd byggherren og utbyggjaren tett opp med tanke på å få lokala best mogleg tilpassa arbeidet vårt i dag og i framtida, samtidig som vi varetek sikkerheit, økonomi og miljø.

Vi meiner at vi får lokale som er moderne samtidig som dei er fleksible og kan tilpassast endringar i sakstilgangen, sakstypene, talet på tilsette og mengda nemndmøte.

4.5 Riksrevisjonssaker

UNE fekk ingen merknader frå Riksrevisjonen for rekneskapsåret 2023. Revisjonen av rekneskapen for 2024 vil bli ferdigstilt i første tertial 2025, og revisjonsmeldinga for 2024 blir publisert på nettsidene våre så snart ho ligg føre.

4.6 Anna

UNE hadde tilsyn frå Arkivverket i april 2024. Dei positive funna var at Arkivverket konstaterer at UNE er bevisst på eige arkivhald og har god kontroll på arkivoppgåver og arkivoversikt.

Pålegga vi fekk var

- å oppdatere arkivplanen – mellom anna dokumentere kven som tek hand om ulike oppgåver, dokumentere ansvar og roller for alle delar av arkivhaldet og implementere internkontrollen for arkivet i internkontrollen for UNE
- å dokumentere korleis UNE oppfyller krava til fullelektroniske system, inkludert både WebSak, JobbNorge og DUF

UNE jobbar med desse pålegga og har frist for å svare Arkivverket ut februar 2025.

DEL V Leiaren si vurdering av framtidsutsiktene

Saksinngangen i UNE i 2024 var den høgaste sidan 2018, og talet på innkomne saker har gått opp kvart år sidan 2021. Trass i at vi auka saksavviklinga i 2024 klarte vi ikkje å behandle like mange saker som vi fekk inn. Talet på ubehandla saker auka derfor for andre året på rad, og var per 31.12.2024 på ca. 4 100 saker. Dette betyr at saksbehandlingstidene er på veg mot nærare 8 månader i gjennomsnitt for 2025.

UDI har store etterslep, og det vil derfor neppe komme færre saker til UNE dei næraste åra. Slik vi vurderer det, vil vi derfor sjå ein auke i både behaldninga og saksbehandlingstida dei næraste åra, dersom rammene er dei same som i dag. Vi har tidlegare gjort vurderingar som tilseier at saksbehandlingstida ikkje bør vere meir enn fire månader. Det er ideelt for å vareta balansen mellom brukarbehov og effektiv ressursutnytting best mogleg, ved at sakene blir behandla før dei blir for komplekse.

Også i 2024 har UNE i liten grad blitt direkte påverka av innkomstane frå Ukraina, sjølv om vi no ser ein auke i talet på klagesaker her. Det er for tidleg å seie noko om den fulle effekten av regelendringane i fjor og UDIs ordinære asylvurdering av personar frå det dei vurderer som trygge område, men det er eit potensial for ein større auke i talet på saker til UNE framover. Situasjonen i Ukraina er framleis svært uføreseieleg, og denne usikkerheita vil vere eit bakteppe både for asylinnreiser og for kompleksiteten i sakene.

Vi er så vidt i gang med det langsiktige arbeidet med Modulf, og vi har store forventningar til at programmet skal bidra til at vi også på teknologisida skal ha framtidsretta og fleksible løysingar, både for vår eiga saksbehandling og for opplevinga til brukarane og moglegheitene deira til å bidra i si eiga sak. Skal vi lukkast, må vi òg investere tid og ressursar med rett kompetanse i dette arbeidet, sjølv om det kan bety krevjande prioriteringar internt.

Parallelt med Modulf vil vi dei neste åra bli påverka av endringar i asyl- og migrasjonspolitikken til EU, både endringar i regelverk og endringar i samband med innføring av nye felles IT-system i Schengen. Dei neste åra må vi saman med dei andre i kjeda bidra til å sikre at regelverket blir mest mogleg effektivt, brukar- og digitaliseringsvennleg.

Sommaren 2025 flyttar vi frå dei noverande lokala våre i Oslo City-bygget, der vi har halde til sidan UNE blei oppretta i 2001, til Storgata 38. Dei nye lokala våre vil vere aktivitetsbaserte. Det inneber at vi i tillegg til å venne oss til dei fysiske endringane i indre og ytre omgivnader må lære oss å bruke desse på ein god måte i oppgåveløysinga vår.

Oslo 28.2.2025



Marianne Jakobsen
direktør

DEL VI Årsrekneskap

6.1 Kommentarer frå leiaren til årsrekneskapen for 2024

Formål

Utlendingsnemnda (UNE) starta verksemda si 1. januar 2001 og ligg under Justis- og beredskapsdepartementet (JD). UNE er ein del av utlendingsforvaltninga, som består av UD, PU, UDI, UNE og IMDi. UNE si rolle i kjeda er å behandle klagesaker. UNE er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Årsrekneskapen utgjer del VI i årsrapporten. Frå 2024 har vi òg begynt å føre periodisert rekneskap etter statlege rekneskapsstandardar (SRS). UNE sin rekneskap etter SRS følgjer under punkt 6.4.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå JD i hovudinstruksen for Utlendingsnemnda. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkjande bilete av dei disponible tildelingane, dei rekneskapsførte utgiftene, inntektene, egedelane og gjelda til UNE.

Vurdering av vesentlege forhold

Post 01

I 2024 disponerte UNE ei samla tildeling på 303 917 000 kroner på post 01, inkludert overførte midlar frå 2023. Samla rekneskap på post 01 utgjer 292 077 107 kroner. Dette gir ei mindreutgift på 11 839 893 kroner. Kompensasjonen for lønnsoppgjeret i 2024 var på ca. 5,2 mill. kroner og blei tildelt UNE i 2024. Som ein konsekvens av det forseinka lønnsoppgjeret i 2024 blei tillegg i lønn først etterbetalte i 2025.

Ein stor del av mindreforbruket på ca. 11,8 mill. kroner kjem derfor av at kompensasjonen for lønnsoppgjeret i 2024 blir overført til 2025 for å dekkje etterbetaling av lønn. Den resterande mindreutgifta kjem i hovudsak av lågare utgifter til konsulenttenester for utvikling av programvare og IKT-løysingar. Det er primært to grunnar til det:

- UNE har brukt færre konsulentar på grunn av mangel på konsulentar med rett kompetanse, og har dermed òg hatt lågare aktivitet enn planlagt.
- UNE har nytta seg av konsulentar på lågare nivå og med lågare timepris.

Siste halvår 2024 hadde vi planlagt å oppgradere nettverksløysinga til UNE. Som følgje av at leverandøren ikkje var i stand til å levere alt utstyr og all bistand innan utgangen av året, har delar av denne kostnaden blitt forskyvd til neste år.

Post 21

I 2024 disponerte UNE ei samla tildeling på 8 682 000 kroner på post 21, inkludert overførte midlar frå 2023. Samla rekneskap på post 21 utgjer 8 673 199 kroner, noko som resulterer i ei mindreutgift på 8 801 kroner i forhold til løyvinga.

I nysalderinga av statsbudsjettet for 2024 blei det omdisponert 1 300 000 kroner frå post 01 til post 21, ettersom ein tidleg i haust såg tilløp til at utgiftene på denne posten kom til å overstige løyvinga.

Meirforbruket kjem av ein auke i den gjennomsnittlege kostnaden for gjennomførte nemndmøte og ein auke i utbetalingane knytte til sakskostnader etter forvaltningslova til § 36, mellom anna som følgje av dyrare advokattenester.

Vi viser til note 3 til artskontorrapporteringa når det gjeld detaljar ved utbetalingar til drift.

Mellomværet med statskassa utgjer –17 181 758 kroner per 31.12.2024. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva eigedelar og gjeld mellomværet består av.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og reviderer årsrekneskapen for Utlendingsnemnda.

Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga vil truleg liggje føre i løpet av andre kvartal 2025. Revisjonsmeldinga er halden unna offentleg innsyn fram til Stortinget har fått Dokument 1 frå Riksrevisjonen, men vil bli publisert på nettsidene til UNE så snart dokumentet er offentleg.

Oslo 28.2.2025



Marianne Jakobsen
direktør

6.2 Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskap for statlege verksemdar er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsett i føresegnene om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegn i Finansdepartementets rundskriv R-115 av desember 2022 og eventuelle tilleggskrav fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- d) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.

Oppstillingane av løyving- og artskontorapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt konsernkontoordninga staten har i Noregs Bank, i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved årsslutt blir saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt ved overgangen til nytt år.

Løyvingrapporteringa

Oppstillinga av løyvingrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det er stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigarar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste kapitla/postane til ei anna verksemd (belastningsfullmakter) er ikkje viste i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til løyvingoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og er viste i kolonnen for rekneskap.

Belastningsfullmakter som er gitt, er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Belastningsfullmakter som er gitt, blir bokførte og rapporterte av verksemdene som har fått belastningsfullmaktene og viser derfor ikkje i kolonnen for rekneskap. Kva fullmakter som er gitt, kjem fram i note B til løyvingoppstillinga.

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser eigarar og gjeld som inngår i mellomværet med statskassa. Artskontorapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Verksemda har ein trekkrett på konsernkontoen sin i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje

rapporterte som ei inntekt til statsrekneskapen og er derfor ikkje viste som inntekt i artskontorapporteringa.

Prinsipp for verksemdsrekneskapen

Verksemdsrekneskapen er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Inntekter frå løyvingar

Inntekter frå løyvingar blir resultatførte etter prinsippet om motsett samanstilling. Dette inneber at inntekter frå løyvingar blir resultatførte i takt med utføringa av aktivitetane som blir finansierte av desse inntektene, det vil seie i same periode som kostnadene kjem (motsett samanstilling).

Kostnader

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i same periode som tilhøyrande inntekt. Utgifter som blir finansierte med inntekt frå løyving og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i same periode som aktivitetane er gjennomførte og ressursane er forbrukte.

Pensjonar

SRS 25 Ytingar til tilsette legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemder skal ikkje balanseføre netto pensjonsforpliktingar for ordningar til Statens pensjonskasse (SPK). UNE resultatfører arbeidsgivardelen av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan. I samband med omlegginga av pensjonspremiemodellen for statlege verksemder frå 2022 betaler UNE ein verksemdsspesifikk, hendingsbasert arbeidsgivardel som del av pensjonspremien. At premien er verksemdsspesifikk, betyr at han blir berekna ut frå forholda i kvar enkelt verksemd, ikkje for grupper av verksemder samla. At han er hendingsbasert, betyr at han tek omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsbestanden i verksemda, slik at premiereserven er à jour med oppteninga til medlemmen.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidlar

Anleggsmidlar er verdien av varige og betydelege eigedelar som UNE disponerer. Med «varige» meiner ein ei utnyttbar levetid på 3 år eller meir. Med «betydelege» meiner ein enkeltstående anskaffingar (kjøp) med ein anskaffingskost på 50 000 kroner eller meir. Anleggsmidlar er balanseførte til anskaffingskost minus avskrivningar.

Fordringar

Andre fordringar er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for estimert avsetning til forventa tap.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidlar og kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar / langsiktig gjeld. Omløpsmidlar blir vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Leigeavtalar

Verksemda har valt å nytte forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

Eigenutvikling av programvare

Kjøp av tenester til utvikling av programvare er balanseført. Verdien av innsatsen til egne tilsette (lønnskostnader) blir ikke aktivert saman med eigenutvikla programvare, men blir resultatført.

Statens kapital

Statens kapital utgjør nettobeløpet av egedelane og gjelda til verksemda, og kjem fram i rekneskapslinja for avrekningar i balanseoppstillinga. Bruttobudsjetterte verksemdar presenterer ikke konsernkontoane i Noregs Bank som bankinnskott. Konsernkontoane inngår i rekneskapslinja avrekna med statskassa.

6.3 Oppstilling av løyvings- og artskontorrapportering

Oppstilling av løyvingsrapportering, 31.12.2024

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2024	Meirutgift (–) og mindreutgift
0491	Utlendingsnemnda	01	Driftsutgifter	A, B	303 917 000	292 077 107	11 839 893
0491	Utlendingsnemnda	21	Spes. driftsutgifter	A, B	8 682 000	8 673 199	8 801
1633	Nettoordning for mva. i staten	01			0	11 024 226	
Sum utgiftsført					312 599 000	311 774 532	

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling	Rekneskap 2024	Meirutgift (–) og mindreutgift
5309	Tilfeldige inntekter	29			0	418 054	
5700	Arbeidsgivaravgift	72			0	28 305 113	
Sum inntektsført					0	28 723 167	

Netto rapportert til løyvingsrekneskapen	283 051 365
---	--------------------

Kapitalkontoar						
60048801	Noregs Bank KK/innbetalningar				9 044 487	
60048802	Noregs Bank KK/utbetalningar				–291 983 674	
705011	Endring i mellomværet med statskassa				–112 178	
Sum rapportert					0	

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)

		2024	2023	Endring
705011	Mellomvære med statskassa	–17 181 758	–17 069 580	–112 178

Note A Forklaring av samla tildeling utgifter			
Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla tildeling
491 01	12 113 000	291 804 000	303 917 000
491 21	0	8 682 000	8 682 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg beløp som kan overførast til neste år											
Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (–) / mindreutgift	Utgiftsført av andre i samsvar med gitte belastningsfullmakter (–)	Meirutgift (–) / mindreutgift etter gitte belastningsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (–) i samsvar med meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå løyvinga for neste år	Innsparingar (–)	Sum grunnlag for overføring	Kompensasjon for lønnsoppgjeret 2024 *	Maks. beløp som kan overførast	Mogleg beløp som kan overførast, berekna av verksemda
491 01	«kan nyttast under post 21»	11 839 893	0	11 839 893	0	0	0	11 839 893	5 153 000	19 485 550	11 839 893
491 21	«kan nyttast under post 01»	8 801	0	8 801	0	0	0	8 801		434 100	8 801

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Stikkordet «kan nyttast under»: UNE har fullmakt til å omdisponere midlar mellom postane 01 og 21.

Oppstilling av artskontorrapportering 31.12.2024	31.12.2024	31.12.2023
Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen		
<i>Sum innbetalinger frå drift</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen		
Utbetalinger til lønn	227 244 480	212 846 088
Andre utbetalinger til drift	65 770 546	70 434 600
<i>Sum utbetalinger til drift</i>	<i>293 015 027</i>	<i>283 280 688</i>
Netto rapporterte driftsutgifter	293 015 027	283 280 688
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen		
Innbetaling av finansinntekter	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen		
Utbetaling til investeringar	7 733 708	6 342 659
Utbetaling av finansutgifter	1 571	0
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>	<i>7 735 279</i>	<i>6 342 659</i>
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter	7 735 279	6 342 659

Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten

Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	0	232
<i>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten</i>	<i>0</i>	<i>232</i>

Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel

Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)	418 054	372 961
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)	28 305 113	26 697 705
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)	11 024 226	11 730 109
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>	<i>-17 698 941</i>	<i>-15 340 558</i>

Netto rapportert til løyvingsrekneskapen	283 051 365	274 282 558
---	--------------------	--------------------

Oversikt over mellomværet med statskassa

Eigedelar og gjeld	31.12.2024	31.12.2023
Fordringar på tilsette	72 000	282 808
Skuldig skattetrekk og andre skuldige trekk	-7 423 882	-8 963 558
Skuldige offentlege avgifter	-16 816	-14 808
Pensjonspremie avsett til Statens pensjonskasse	-9 819 557	-8 376 690
Mottekne forskotsbetalingar	0	0
Lønn (negativ netto, for mykje utbetalt lønn m.m.)	6 496	2 668
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalingar	0	0
Sum mellomvære med statskassa	-17 181 758	-17 069 580

6.4 Verksemdsrekneskap etter SRS

Resultatrekneskap	Note	31.12.2024
Driftsinntekter		
Innbetalinger frå løyvingar	1	305 247 399
<i>Sum driftsinntekter</i>		<i>305 247 399</i>
Driftskostnader		
Lønnskostnader	2	233 442 990
Avskrivingar på varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar	3,4	7 131 516
Andre driftskostnader	5	64 671 323
<i>Sum driftskostnader</i>		<i>305 245 828</i>
Driftsresultat		1 571
Finansinntekter og finanskostnader		
Finansinntekter	6	0
Finanskostnader	6	1 571
<i>Sum finansinntekter- og kostnader</i>		<i>-1 571</i>
Resultat av aktivitetane i perioden		0
Avrekningar og disponeringar		
<i>Sum avrekningar og disponeringar</i>	7	0
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		
<i>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</i>		0
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>		0

Balanse – egedelar	Note	31.12.2024	01.01.2024
A. Anleggsmidler			
<i>I Immaterielle egedelar</i>			
Programvare og liknande rettar	3	27 472 129	29 866 556
Immaterielle egedelar under utføring	3	4 878 907	2 144 977
<i>Sum immaterielle egedelar</i>		32 351 036	32 011 533
<i>II Varige driftsmidler</i>			
Maskiner og transportmiddel	4	165 326	206 495
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	4	11 361 101	11 057 243
<i>Sum varige driftsmidler</i>		11 526 427	11 263 737
<i>III Finansielle anleggsmidler</i>			
<i>Sum finansielle anleggsmidler</i>		0	0
Sum anleggsmidler		43 877 462	43 275 270
B. Omløpsmidlar			
<i>I Behaldning av varer og driftsmateriell</i>			
<i>Sum behaldning av varer og driftsmateriell</i>		0	0
<i>II Fordringar</i>			
Andre fordringar	8	2 004 770	1 330 834
<i>Sum fordringar</i>		2 004 770	1 330 834
<i>III Bankinnskot, kontantar og liknande</i>			
<i>III Bankinnskot, kontantar og liknande</i>		0	0
Sum omløpsmidlar		2 004 770	1 330 834
Sum egedelar		45 882 233	44 606 104

Balanse – statens kapital og gjeld	Note	31.12.2024	01.01.2024
C. Statens kapital			
D.			
<i>I Verksemdskapital</i>		0	0
<i>Sum verksemdskapital</i>			
<i>II Avrekningar</i>			
Avrekning med statskassa (bruttobudsjettert)	7	-7 082 583	-2 434 124
<i>Sum avrekningar</i>		-7 082 583	-2 434 124
Sum statens kapital		-7 082 583	-2 434 124
E. Gjeld			
F.			
<i>I Avsetning for langsiktige forpliktingar</i>			
<i>Sum avsetning for langsiktige forpliktingar</i>		0	0
<i>II Anna langsiktig gjeld</i>			
<i>Sum anna langsiktig gjeld</i>		0	0
<i>III Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		10 704 873	739 891
Skuldig skattetrekk og andre skuldige trekk		7 423 882	8 963 558
Skuldige offentlege avgifter		4 186 881	3 417 160
Avsette feriepengar		19 917 210	18 171 108
Anna kortsiktig gjeld	9	14 358 982	15 748 511
<i>Sum kortsiktig gjeld</i>		56 591 828	47 040 228
Sum gjeld		56 591 828	47 040 228
Sum statens kapital og gjeld		49 509 245	44 606 104

Note 1 Driftsinntekter	31.12.2024
Inntekter frå løyving *	305 247 399
Sum inntekter frå løyving	305 247 399

*Etter dei statlege rekneskapsstandardane blir inntekt frå løyvingar for bruttobudsjetterte verksemder berekna som differansen mellom kostnadene i perioden og dei opptente transaksjonsbaserte inntektene pluss eventuelle inntekter frå tilskot og overføringar til verksemda. Ein konsekvens av dette er at resultatet av aktivitetane i perioden blir null. Informasjon om mottekne løyvingar finst i oppstillinga av løyvingsrapporteringa.

Note 2 Utbetalningar til lønn	31.12.2024
Lønn *	170 617 801
Feriepengar	20 553 762
Arbeidsgivaravgift	29 072 897
Pensjonskostnader **	17 317 707
Sjukepengar og andre refusjonar (–)	–8 820 017
Andre ytingar	4 700 841
Sum utbetalningar til lønn	233 442 990

Talet på utførte årsverk:	220
----------------------------------	------------

* På bakgrunn av at lønnsoppgjret i staten for 2024 ikkje var ferdig før i slutten av november, har ikkje verksemda betalt ut resultatet av lønnsoppgjret i 2024. Verksemda har derfor gjort eit estimat for lønnsavsetning for det sentrale lønnsoppgjret som utgjer i overkant av 3,6 mill. Lønnsavsetninga inkluderer feriepengar, og det er sett av for arbeidsgivaravgift av lønnsavsetninga.

** Pensjonskostnaden i 2024 er basert på eit estimat for pensjonspremien berekna av SPK, og ikkje faktisk pensjonspremie. Dette kjem av at lønnsoppgjret i staten for 2024 ikkje var ferdig før i slutten av november 2024. Premiesatsen for arbeidsgivardelen i 2024 utgjorde 9,3 prosent (arbeidsgivardelen av pensjonspremien på artskonto 542 / pensjonsgrunnlaget i 2024 rapportert til SPK). For rekneskapsåret 2023 utgjorde premiesatsen 9,6 prosent.

Note 3 Immaterielle egedelar

	Programvare og liknande rettar	Immaterielle egedelar under utføring	Sum
Anskaffingskost 01.01.	35 258 933	2 144 977	37 403 910
Tilgang i året	1 180 377	2 733 930	3 914 307
<i>Anskaffingskost</i>	<i>36 439 310</i>	<i>4 878 907</i>	<i>41 318 217</i>
Akkumulerte avskrivningar 01.01.	5 392 378	0	5 392 378
Ordinære avskrivningar i året	3 574 803	0	3 574 803
Balanseført verdi 31.12.2024	27 472 129	4 878 907	32 351 036

Avskrivningssatsar (levetider)

10 år / lineært

Inga avskrivning

Avhending av immaterielle egedelar i 2024:

Salssum ved avgang anleggsmidlar	0	0	0
– bokført verdi avhenda anleggsmidlar	0	0	0
= rekneskapsmessig gevinst/tap	0	0	0

Note 4 Varige driftsmidler

	Tomter	Bygninger og annan fast eigedom	Maskiner og transportmiddel	Driftslausøyre, inventar, verktøy o.l.	Anlegg under utføring	Infrastruktur- eigedelar	Sum
Anskaffingskost 01.01.	0	0	411 690	24 351 963	0	0	24 763 653
Tilgang i året	0	0	0	3 819 402	0	0	3 819 402
Avgang anskaffingskost i året (–)	0	0	0	0	0	0	0
Frå anlegg under utføring til anna gruppe i året	0	0	0	0	0	0	0
<i>Anskaffingskost</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>411 690</i>	<i>28 171 365</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>28 583 055</i>
Akkumulerte nedskrivingar 01.01	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivingar i året	0	0	0	0	0	0	0
Akkumulerte avskrivingar 01.01.	0	0	205 196	13 294 720	0	0	13 499 916
Ordinære avskrivingar i året	0	0	41 169	3 515 543	0	0	3 556 712
Akkumulerte avskrivingar avgang i året (–)	0	0	0	0	0	0	0
Balanseført verdi 31.12.2024	0	0	165 326	11 361 102	0	0	11 526 427

	Inga avskriving	10–60 år dekomponert lineært	3–15 år lineært	3–15 år lineært	Inga avskriving	Verksemds- spesifikt
Avskrivningssatsar (levetider)						
Avhending av varige driftsmidler i 2024:						
Salssum ved avgang anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
– bokført verdi avhenda anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
= rekneskapsmessig gevinst/tap	0	0	0	0	0	0

Note 5 Andre driftskostnader**31.12.2024**

Husleige	21 750 453
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	164 682
Andre kostnader til drift av eigedom og lokale	7 324 468
Leige av maskiner, inventar og liknande	5 907 943
Mindre utstyrsanskaffingar	259 550
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr osv.	84 918
Kjøp av konsulenttenester	9 191 785
Kjøp av andre framande tenester	7 856 201
Reiser og diett	2 149 451
Andre driftskostnader	9 981 872
Sum andre driftskostnader	64 671 323

Tilleggsinformasjon om operasjonelle leigeavtalar

Resterande varigheit	Type eigedel			
	Immaterielle eigedelar	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	Sum
Varigheit inntil 1 år		21 143 530	393 712	24 537 242
Varigheit 1–5 år	4 545 685			4 545 685
Varigheit over 5 år				0
Kostnadsført leigebetaling for perioden	4 545 685	24 143 530	393 712	29 082 927

Verksemda har ein husleigeavtale med ei varigheit på 0,5 år på rapporteringstidspunktet. Årleg husleigekostnad er 21 750 000 kroner. Felleskostnader knytte til husleigeavtalen utgjer 2 393 530 kroner på rapporteringstidspunktet.

Verksemda har ein leigeavtale for kopimaskiner med ei varigheit på 0,5 år på rapporteringstidspunkt. Årleg leigekostnad er 243 085 kroner.

Verksemda har ein leigeavtale for kaffimaskiner med ei varigheit på 0,5 år på rapporteringstidspunkt. Årleg leigekostnad er 150 627 kroner.

Verksemda betaler lisensar for bruk av ulik programvare. Årleg leigekostnad er 4 545 685 kroner.

Note 6 Finansinntekter og finanskostnader

31.12.2024

Finansinntekter

Renteinntekter	0
Valutagevinst (agio)	0
Utbytte frå selskap	0
Anna finansinntekt	0
Sum finansinntekter	0

Finanskostnader

Rentekostnad	1 571
Nedskriving av aksjar	0
Valutatap (disagio)	0
Annan finanskostnad	0
Sum finanskostnader	1 571

Note 7A Samanhengen mellom avrekna med statskassa og mellomværet med statskassa (bruttobudsjetterte verksemder)

A) Forklaring på at resultatet for perioden ikkje er lik endringa i avrekna med statskassa i balansen (kongruensavvik)

	31.12.2024	01.01.2024	Endring*
Avrekna med statskassa i balansen	-7 082 583	-2 434 124	-4 648 460
Bakgrunnen for at resultatet for perioden ikkje er lik endringa i avrekna med statskassa i balansen for bruttobudsjetterte verksemder, er at konsernkontoane i Noregs Bank inngår som ein del av avrekna med statskassa i balansen. I tillegg blir det teke omsyn til enkelte transaksjonar som ikkje er knytte til drifta av verksemda, og transaksjonar som ikkje medfører ut- eller innbetaling. Nedanfor viser vi dei ulike postane som er grunnen til at endringa i avrekna med statskassa i balansen ikkje er lik resultatet for perioden.			
Endring i avrekna med statskassa			
<i>Konsernkontoar i Noregs Bank</i>			
– konsernkonto utbetaling			-291 983 674
+ konsernkonto innbetaling			9 044 487
<i>Netto trekk konsernkonto</i>			-282 939 187
<i>Innbetalingar og utbetalingar som ikkje inngår i drifta av verksemda (er gjennomstrøymingspostar)</i>			
– innbetaling innkrevjingsverksemd og andre overføringar			0
+ utbetaling tilskotsforvaltning og andre overføringar			0
<i>Bokføringar som ikkje går over bankkonto, men direkte mot avrekning med statskassa</i>			
+ inntektsført frå løyving (underkonto 1991)			305 247 399
– gruppeliv/arbeidsgivaravgift (underkonto 1985 og 1986)			-28 723 167
+ nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift (underkonto 1987)			11 063 414
<i>Andre avstemmingspostar</i>			
Spesifikasjon av andre avstemmingspostar			0
<i>Forskjell mellom resultatført og netto trekk på konsernkonto</i>			4 648 460
Resultat av aktivitetane i perioden før avrekning mot statskassa			0
Sum endring i avrekna med statskassa *			4 648 460

*Sum endring i avrekna med statskassa skal stemme med endringa for perioden ovanfor.

Note 7B Samanhengen mellom avrekna med statskassa og mellomværet med statskassa (bruttobudsjetterte verksemder)

B) Forskjellen mellom avrekna med statskassa og mellomværet med statskassa

	31.12.2024 Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassa	31.12.2024 Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomvære med statskassa	Forskjell
Immaterielle egedelar og varige driftsmidler			
Immaterielle egedelar	32 351 036		32 351 036
Varige driftsmidler	11 526 427		11 526 427
<i>Sum</i>	43 877 462	0	43 877 462
Finansielle anleggsmidler			
<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidlar			
Andre fordringar	2 004 770	72 000	1 932 770
<i>Sum</i>	2 004 770	72 000	1 932 770
Langsiktige forpliktingar og gjeld			
<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-10 704 873	0	-10 704 873
Skuldig skattetrekk og andre skuldige trekk	-7 423 882	-8 019 789	595 907
Skuldige offentlege avgifter	-4 186 881	-16 816	-4 170 065
Avsette feriepengar	-19 917 210	0	-19 917 210
Anna gjeld til tilsette	-10 738 466	0	-10 738 466
Avsett pensjonspremie til SPK, arbeidsgivardel	0	-9 223 650	9 223 650
Anna kortsiktig gjeld	6 496	6 496	0
<i>Sum</i>	-52 964 816	-17 253 758	-35 711 058
Sum	-7 082 583	-17 181 758	10 099 175

Note 8 Andre kortsiktige fordringar

	31.12.2024	01.01.2024
Forskotsbetalt lønn	0	20 000
Personallån	72 000	262 808
Forskotsbetalt leige	475 642	0
Andre Forskotsbetalte kostnader	378 482	0
Andre fordringar	1 078 647	1 048 026
Sum andre kortsiktige fordringar	2 004 770	1 330 834

Note 9 Anna kortsiktig gjeld

	31.12.2024	01.01.2024
Skuldig lønn	-6 496	-2 668
Anna gjeld til tilsette	10 738 466	7 006 011
Avsetning for lønnsoppgjeret 2024*	3 627 012	0
Påkomne kostnader	0	368 478
Avstemmingsdifferansar ved rapportering til statsrekneskapen	0	0
Avsett pensjonspremie til SPK, arbeidsgivardel	0	0
Anna kortsiktig gjeld	0	8 376 690
Sum anna kortsiktig gjeld	14 358 982	15 748 511

* På bakgrunn av at lønnsoppgjeret i staten for 2024 ikkje var ferdig før i slutten av november, har ikkje verksemda betalt ut resultatet av lønnsoppgjeret i 2024. Verksemda har derfor gjort eit estimat for lønnsavsetninga for det sentrale lønnsoppgjeret (lokale og eventuelt sentrale tillegg), jf. note 2.

DEL VII Vedlegg til UNEs årsrapport for 2024 – statistikkrapportering (jf. punkt 8.1 i tildelingsbrevet)


1. Produserte vektal og vektalskostnad

Tabell 1: Vektalskostnad dei siste 4 åra

	2021	2022	2023	2024
Produserte vektal	1576,7	1687,6	1777,0	2263,1
Gjennomsnittleg utgift per vektal	155 850	161 073	165 798	132 893

2. Avgjerdsform

Figur 1: Behandla saker fordelte på avgjerdsform 2022–2024




Tabell 2: Behandla saker fordelt på sakskategori og avgjerdsform 2022–2024

	Avgjerdsform	2022	2023	2024
Asylsaker	NMP	7 %	5 %	2 %
	NUP	2 %	2 %	1 %
	NL	82 %	69 %	92 %
	SEK	10 %	24 %	5 %
Opphalds-saker	NMP	3 %	3 %	3 %
	NUP	1 %	1 %	1 %
	NL	72 %	84 %	93 %
	SEK	24 %	12 %	4 %

3. Omgjorde saker

Figur 2: Omgjorde saker fordelt på avgjerdsform 2022–2024



Tabell 3: Omgjorde saker fordelt på sakskategori og avgjerdsform 2022–2024


	Avgjerdsform	Del omgjord 2022	Del omgjord 2023	Del omgjord 2024
Asylsaker	Nemndmøte med personleg frammøte	75,5 %	63,5 %	61 %
	Nemndmøte utan personleg frammøte	75 %	69 %	70 %
	Nemndleiar	24 %	23 %	10 %
	Sekretariatet	0 %	3 %	4 %
	Sum asylsaker	26 %	21 %	11 %
Opphaldssaker	Nemndmøte med personleg frammøte	46,5 %	51 %	45 %
	Nemndmøte utan personleg frammøte	73,5 %	68 %	57 %
	Nemndleiar	17,5 %	14,5 %	10 %
	Sekretariatet	6,5 %	21,5 %	39 %
	Sum opphaldssaker	16,5 %	17 %	12,5 %
	Totalt	18 %	17,5 %	12 %

Runda av til næraste halve prosent

4. Talet på løyve gitt med avgrensingar

Talet på løyve gitt med avgrensingar i asylsaker fordelt på ikkje-dokumentert identitet og einslege mindreårige 16–18 år, jf. utlendingslova § 38 femte ledd, utlendingsforskrifta § 8-12 og utlendingsforskrifta § 8-8 1. UNE har ikkje gitt løyve etter utlendingsforskrifta § 8-8 1 i perioden.

Figur 3: Talet på løyve gitt med avgrensingar i asylsaker 2022–2024



5. Talet på saker og utfallet i utvisingssaker der utlendingen er straffa for brot på straffelova § 257 og § 391a, jf. instruks GI-02/2013 til UDI

Tabell 4: Talet på saker behandla 2022–2024


År	2022	2023	2024
Behandla	4	0	0

6. Tilbakekallingssaker

UNE fekk i 2024 totalt inn 355 saker der UDI hadde gjort vedtak etter utlendingslova §§ 37 eller 63. Av desse var 73 oppmodingar om omgjering av UNEs eige vedtak. UNE behandla totalt 416 saker, og 70 av desse var oppmodingar om omgjering.


Sakene fordelte seg slik på heimlane i dei påklaga vedtaka:

Figur 4: Innkomne og behandla tilbakekallingssaker, fordelte på heimel




Sakene fordelte seg slik på klager og omgjøringsoppmodingar:

Figur 5: Innkomne og behandla tilbakekallingssaker, fordelte på klager og omgjøringsoppmodingar




Sakene fordelte seg slik på nasjonalitetar:

Figur 6: Innkomne tilbakekallingssaker, fordelte på heimel og nasjonalitet




Figur 7: Behandla tilbakekallingssaker, fordelt på heimel og nasjonalitet



55 saker blei gjorde heilt eller delvis om. 10 av dei var omgjeringsoppmodingar:

Figur 8: Omgjorde tilbakekallingssaker, fordelt på heimel i det påklaga vedtaket



7. Talet på saker behandla etter forvaltningslova § 36

I 2024 behandla UNE ferdig 226 saker etter forvaltningslova § 36 om dekning av sakskostnader.

I 2024 betalte UNE ut 4 683 810 kroner (ekskl. mva.) over post 21 i statsbudsjettet fordelt på 158 ulike utbetalinger etter § 36. Til samanlikning blei det i 2023 betalt ut 4 171 355 kroner knytte til 157 saker.

8. Rettssaker

Hovudtrekk

Tabell 5: Rettskraftige avgjerder 2018–2024

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Tap	29	21	21	25	25	12	4
Medhald	78	70	59	53	31	23	28
Sum	107	91	80	78	56	35	32
Medhaldsdel	73 %	77 %	74 %	68 %	55 %	66 %	87,5 %

Nye rettssaker

Tabell 6: Nye rettssaker fordelt på instans 2018–2024

Hittil per dato	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Stemningar tingretten*	153	119	82	64	70	71	68
Ankar til lagmannsretten	51	57	40	32	22	29	38
Ankar til Høgsterett	22	13	23	18	8	15	19
Totalt	226	189	145	114	100	100	125

* Talet på stemningar i 2019 blir 126 dersom vi reknar med stemningar til sorenskrivaren i saker der det òg ligg føre ei stemning til tingretten. I 2020 blir talet 85, og i 2021 blir det 65.

Rettsavgjerder (alle, ikkje berre rettskraftige)

Tabellen viser alle avgjerder uavhengig av rettskraft. Det kan derfor vere fleire avgjerder som gjeld same sak i fleire instansar.

Tabell 7: Rettsavgjerder i 2024 uavhengig av rettskraft

2024	Heva/avvist/ anke nekta	Tapt	Medhald	Sum for instans
Tingretten	10	15	35	60
Lagmannsretten	2	4**	15*	21
Høgsterett/ ankeutvalet	12		1*	13
Sum etter utfall	14	19	51	

* I éi sak opprettheldt Høgsterett dommen frå lagmannsretten.

** To saker sameinte til behandling for Høgsterett i januar 2025.

Rettsaksarbeid

Tabell 8: Rettsaksarbeid 2018–2024

Hittil per dato	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Hovudforhandlingar	143	150	121	102	70	64	82
Dagar i retten	331	360	261	224	160	150	164



Riksrevisjonen

UTLENDINGSNEMNDA

Org. Nr.: 982019095

Riksrevisjonens beretning

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert årsregnskapsoppstillingene for Utlendingsnemnda for regnskapsåret 1. januar - 31. desember 2024. Årsregnskapsoppstillingene består av oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, virksomhetsregnskap og noter, herunder sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 283 051 365 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet. Oppstilling av virksomhetsregnskapet viser driftsinntekter på 305 247 399 kroner og driftskostnader på 305 245 828 kroner.

Etter Riksrevisjonens mening

- oppfyller årsregnskapsoppstillingene gjeldende krav,
- gir oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapporteringen et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter for 2024 og kapitalposter per 31. desember 2024, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten, og
- gir oppstilling av virksomhetsregnskapet et dekkende bilde av virksomhetens resultater for 2024 og av eiendeler, gjeld og statens kapital per 31. desember 2024, i samsvar med statlige regnskapsstandarder (SRS).

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til lov, instruks og disse standardene er beskrevet nedenfor under Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjonen. Vi er uavhengige av virksomheten i samsvar med kravene i lov og instruks om Riksrevisjonen og ISSAI 130 Code of Ethics utstedt av International Organisation of Supreme Audit Institutions (INTOSAI-ets etikkregler), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for informasjonen i årsrapporten. Øvrig informasjon består av ledelseskomentarer (i del VI) og annen øvrig informasjon (del I–V) i årsrapporten. Riksrevisjonens konklusjon ovenfor om årsregnskapsoppstillingene dekker ikke informasjonen i øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapsoppstillingene er det vår oppgave å lese øvrig informasjon i årsrapporten. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige

informasjonen, årsregnskapsoppstillingene og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapsoppstillingene, eller hvorvidt den øvrige informasjonen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom den øvrige informasjonen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at den øvrige informasjonen i årsrapporten:

- er konsistent med årsregnskapsoppstillingene og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende regelverk

Ledelsens og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten og de statlige regnskapsstandardene (SRS). Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig intern kontroll.

Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapsoppstillingene

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapsoppstillingene som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapsoppstillingene.

Som del av en revisjon i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapsoppstillingene, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av internkontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av virksomhetens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige, og om tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapsoppstillingene får indikasjoner på vesentlige brudd på bevilgningsreglementet, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på bevilgningsreglementet.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapsoppstillingene, og hvorvidt årsregnskapsoppstillingene gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten og de statlige regnskapsstandardene (SRS).

Vi kommuniserer med ledelsen blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen. Vi informerer det overordnede departementet om funn og svakheter.

Oslo, 28. april 2025

Etter fullmakt

Åse Kristin Berglihn Hemsén
ekspedisjonssjef

Kari Haugen
avdelingsdirektør

Beretningen er godkjent og ekspedert digitalt.